

Oppdragsgiver
Vaksdal kommune

Rapporttype
Konsekvensutredning - temarapport

Dato
2024-03-21

OMRÅDEPLAN STANGHELLE KONSEKVENSGREIING KULTURMILJØ



**Henning
Larsen —**

OMRÅDEPLAN STANGHELLE KONSEKVENSGREIING KULTURMILJØ

Oppdragsnavn	Områdeplan Stanghelle
Prosjekt nr.	1350025528_002
Dokumenttype	Rapport
Versjon	01
Dato	21.03.2024
Utført av	HBR, AGEN
Kontrollert av	TNN
Godkjent av	ERDI
Beskrivelse	Konsekvensutredning, Tema Kulturmiljø

Føreord

Denne temarapporten er utarbeidd som ein del av arbeidet med områdeplan og konsekvensutgreiing for Stanghelle sentrum, i Stanghelle kommune. Konsekvensutgreiinga er utført etter metodikk frå Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser, sist oppdatert i 2021.

Rapporten tek for seg tema Kulturmiljø i samsvar med omtale frå planprogram for prosjektet. Planprogrammet er fastsett av Vaksdal kommunestyre, den 17.06.2019. Tiltakshavar og ansvarleg for utgreiinga er Vaksdal kommune. Temarapporten dokumenterer registreringar og verdivurderingar for temaet og vurderer konsekvensane av aktuelle utbyggingsalternativ. Store delar av rapportane er basert på Statens vegvesen sin rapport *E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, Konsekvensutgreiing – kulturarv* (Statens vegvesen, 2020).

Desember 2023

Bergen

INNHALD

1.	Samandrag	2
2.	Innleiing	5
2.1	Bakgrunn for planarbeidet	5
2.2	Overordna mål og føringar	6
2.3	Utgreiingskrav	7
3.	Metode	8
3.1	Innleiing	8
3.2	Temadefinisjon delutgreiing Kulturarv	8
3.3	KU-Metoden sine 3 trinn	9
3.4	Fagspesifikk skildring av metodikk	9
4.	Utgreiingsalternativ og tiltaksskildring	15
4.1	0-alternativet – referansealternativet	15
4.2	Tiltaksskildring for områdeplanen	15
5.	Kunnskapsgrunnlag og delområde	17
5.1	Generell skildring	17
5.2	Kunnskap og kjelder	19
5.3	Alternativ 0, temaspesifikke forhold	21
5.4	Definisjon av delområde	22
5.5	Verdikart	24
6.	Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens	25
6.1	KM1- Vossebanen, stasjonsområdet, jernbanebru og trasé	25
6.2	KL2- Dalevågen-innsegling	33
6.3	KM3- Gard nr.20, Stanghelle	37
6.4	KM4- Naustmiljø langs Dalevågen, mellom dei to bruene	43
6.5	KM5- Melkjevikjæ og Lågaskåret	51
6.6	KM6- Gard nr. 21, Helle	56
6.7	KM7- Tettaneset og Follavika	62
6.8	KM 8-Hellevegen	66
6.9	KM 9 –Gravplass	69
6.10	KM 10 – Helleren/Hedleren	72
6.11	KM 11- Storehjellen og Idlasundet	77
7.	Trinn 2: Konsekvensvurdering	81
7.1	Samanstilling av konsekvensar	81
8.	Kjelder	83

1. Samandrag

Denne rapporten inneheld ei konsekvensutgreiing (KU) for temaet **kulturarv** i samband med områdeplan for Stanghelle. Denne delutgreiinga inngår i samla KU for områdeplanen. Fagtemaet kulturarv omfattar materielle og immaterielle spor etter menneske si verksemd gjennom historia knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Føremålet med analysen er å få kunnskap om verdifulle område for tema og belyse konsekvensar av områdeplanen.

Kunnskapsgrunnlag

Innhenting av grunnlag til rapporten er i hovudsak gjort gjennom Riksantikvaren sin database for registrerte kulturminne (Askeladden). Det er også henta informasjon frå kulturminneplan for Vaksdal kommune, kulturminneregistrering i Vaksdal kommune og tidlegare konsekvensutgreiing gjort av Statens vegvesen i samband med den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen. Bygdebøker har også vore til hjelp.

Metode og uvisse

Konsekvensutgreiinga er utført som ein konsekvensanalyse for ikkje-prisette tema, jf. kapittel 6 i Statens vegvesens handbok V712 (Vegdirektoratet 2018). På grunnlag av innsamla kunnskap vert utgreiingsområdet delt inn i einskaplege delområde. Eit delområde er definert som eit område som har en einskapleg funksjon, karakter og/eller verdi og som derfor skil seg frå tilgrensande areal.

Kunnskapsgrunnlaget i saken er vurdert som rimeleg godt, så uvisse er ikkje vurdert å ha nemneverdig betydning for vurderingane.

Registreringar

Helle er eit ope kulturlandskap med fleire SEFRAK-registrerte gardsbygningar samt funn av automatisk freda kulturminne, flesteparten graver som er registrert fjerna.

Den eksisterande *Vossebana* og *Hellevegen* er to teknisk-industrielle kulturminne med landskapsmessig dimensjon som har vore med på å forme Stanghelle som transportårer i bygda.

Dalevågen er den historiske innseglinga til Stanghelle og vidare til inn Dale der vi finn opprinneleg naustmiljø langs vågen. Ved det *eksisterande stasjonsområdet*, finn vi *den gamle kaia*, og *gravplassen*, historisk plassert ved tilkomst sjøvegen. Kulturminnet *Helleren*, som også ligg like over stasjonen er busetnad og aktivitetsområde frå jernalderen vart freda i 1984. Like ved finn vi også restar av opprinneleg gardsmiljøet Haldorane og Solhaug. I tillegg finn vi på Tettaneset kulturminne i utmark med gravminner og kullgroper, samt skipsvrak i sjø, og ved Storehjellen også ei registrert revefelle og ei utløe.

Verdivurdering og definisjonar av omsynssoner

Samla verdi av kulturminne og kulturmiljø i planområdet vert vurdert å vere stor.

Det er med bakgrunn i registreringar og verdivurdering gitt anbefaling om å definere omsynssoner inn i plankartet. Her er område langs Dalevågen med naustmiljø, registrerte SEFRAK-bygningar samt jernbanebrua over Dalevågen og hengebrua ved Helle inkludert.

Påverknad

Områdeplanen med aktuelle tiltak har større **negativ** påverknad på området sine kulturmiljøverdier enn å la gjeldende regulering vere slik den er. Dette gjeld i hovudsak verknader av auka byggjehøgder langs Dalevågen og i områder som grenser til kulturmiljø for banetrase, det eksisterande stasjonsområdet, og kulturlandskapet på Helle.

Konsekvensar

Samla vurdering av aktuelle tiltak er vurdert til å gi middels negativ konsekvens (--). Det er i alt 3 delområde med konsekvenskrad (--) og 4 med (-). Det er lagt vekt på at delområda som utgjer ulike kulturmiljø i Dalevågen/Stasjonsområdet kan sjåast i heilskapleg samanheng med kvarandre. Gjeldande regulering vidareført vil vere litt betre for kulturmiljøet, framfor foreslått tiltak.

Tabell 1-1 viser konsekvensar for dei ulike delområda for tema Friluftsliv/By- og bygdeliv. Tabellen viser og samla konsekvensvurdering for utbyggingsalternativa.

Tabell 1-1 Samanstilling av konsekvens for alle utbyggingsalternativ, tema Kulturmiljø.

Delområder	Alt. 0	Alt. 1 (områdeplan)
Delområde KM1, Jernbanen	(0)	Noko miljøskade (-)
Delområde KL2, Dalevågen, innsegling	(0)	Betydeleg miljøskade (--)
Delområde KM3, Gard nr. 20, Stanghelle	(0)	Noko miljøskade (-)
Delområde KM4, Naustmiljø, Dalevågen	(0)	Betydeleg miljøskade (--)
Delområde KM5, Melkjevikjæ og Lagaskåret	(0)	Ubetydelig miljøskade (0)
Delområde KM6, Gard nr.21, Helle	(0)	Noko miljøskade (-)
Delområde KM7, Tettaneset og Follavika	(0)	Ubetydelig miljøskade (0)
Delområde KL8, Hellevegen	(0)	Ubetydelig miljøskade (0)
Delområde KM9, Gravplass	(0)	Noko miljøskade (-)
Delområde KM10, Helleren	(0)	Betydeleg miljøskade (--)
Delområde 11 Storehjellen og Idlasundet	(0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet (0)

Avveging	0	Det er i alt 3 delområde med konsekvensgrad (--) og 4 med (-). Det er lagt vekt på at delområda som utgjør ulike kuturmiljø i Dalevågen/Stasjonsområdet kan sjåast i heilskapleg samanheng med kvarandre. Her dominerer konsekvensgrad (--)
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens
Rangering	1	2
Forklaring til rangering		Dagens situasjon vil vera betre for kuturmiljøa framfor foreslått tiltak.

2. Innleiing

2.1 Bakgrunn for planarbeidet

Planarbeidet for områderegulering av Stanghelle er sett i gang i samband med regjeringa sitt vedtak av den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen på strekninga Arna – Stanghelle. Den statlege planen vil ha verknad for utviklinga av staden Stanghelle. Føremålet med prosjektet er å leggje til rette for at Stanghelle kan veksa og utvikla seg vidare til ein fleirfunksjonell stad med bustader, næring, handel, offentleg og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevingar.


Den statlege planen er ei viktig føring for arbeidet med områdeplanen. Områdeplanarbeidet skal bidra til å nå prosjektet sine samfunns- og effektmål.

Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035 peiker spesielt på mogelegheitene som utbygginga av E16 og ny jernbane gir. Da er det viktig, gjennom planarbeidet, å førebu utviklinga på Stanghelle for tida etter at statleg plan er ferdigstilt.

Det er i samanheng med planarbeidet utarbeidd konsekvensutgreiingar for å belyse konsekvensar planen har for sju ulike tema i området;

- landskapsbilete
- by- og bygdeliv og friluftsliv
- naturmangfald
- kulturminne og kulturmiljø
- naturressursar
- tettstadsutvikling og urbanisering
- næringsutvikling og arbeidsplassar

Grensa for planområdet er vist i figur 2-1.



Figur 2-1. Avgrensinga av områdeplanen og stadsnavn (Kjelde: Henning Larsen)

2.2 Overordna mål og føringar

2.2.1 Nasjonale føringar

Staten har utarbeidd ei rekke lover, forskrifter, rundskriv og retningsliner som gir føringar for kommunal planlegging. Dei statlege føringane vert innarbeidd i regionale og kommunale planer, og alle vert difor ikkje lista opp her. Vi peikar likevel på nokre sentrale føringar for kommunal planlegging:

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2015)
- Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)
- Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planleggingen (2008)

2.2.2 Regionale planar

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028
- Regional transportplan 2018-2021
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2014

- Regional plan for folkehelse 2014-2015
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
 - [hfk_kulturplan1.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)
- Regional næringsplan
- Område for friluftsliv 2008
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Av særleg relevans er *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* og fyljande mål:

- *Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksemd i planperioden.* Dette gjeld:
 - Arkeologi
 - Mellomalderhus og kyrkjer
 - Freda hus
 - Den historiske byen og tettstadane
 - Kystkulturen
 - Landbruket sin kulturarv
 - Fartøy
 - Industrierven
 - Krigsminne

2.3 Utgreiingskrav

Krav til ei konsekvensutgreiing er omtalt i Forskrift om konsekvensutgreiing, sjå www.lovdata.no. Konsekvensar skal utgreiast i høve til planprogram fastsett av Vaksdal kommune, 17.06.2019.

I fastsett planprogram er utgreiingskrav for Kulturmiljø omtalt slik:

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og verksemd. Det omfattar alt frå enkeltstående bygningar til samla kulturmiljø – frå helleristningar, gravhaugar, bruer, landbruksbygg og industribygg.

1	Landskapsbilete	Landskapsbilete omfattar det visuelle inntrykket som landskapet har.
2	By- og bygdsliv friluftsliv	Dette tema omfattar tilgjenge eller barrierar til formelle og uformelle møteplassar, friluftaktivitetar, rekreasjon og organisasjonsliv. Barn og unges sine oppvekstvilkår inngår her.
3	Naturmangfald	Naturmangfald omfattar det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald samt økologiske prosessar. Det kan vere dyre- og fugleliv, vegetasjon, marint liv osv.
4	Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og verksemd. Det omfattar alt frå enkeltstående bygningar til samla kulturmiljø – frå helleristningar, gravhaugar, bruer, landbruksbygg og industribygg.
5	Naturressursar	Naturressursar omhandlar den «produktive naturen». Det kan t d vere jordbruk, fiskeri, havbruk, skogbruk, mineralutvinning.
6	Tettstadutvikling og urbanisering	Desse to tema omhandlar i kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen.
7	Næringsutvikling og arbeidsplassar	

Figur 5-5: Føringer frå planprogrammet.

3. Metode

3.1 Innleiing

Statens vegvesens metode for konsekvensanalyse består av ein samfunnsøkonomisk analyse som inkluderer både prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Ei samfunnsøkonomisk analyse tek sikte på å få fram/identifisere og systematisk vurdere alle fordelar og ulemper av eit tiltak frå samfunnets synsvinkel. Metoden skal sikre ei systematisk, heilskapleg og fagleg analyse av dei konsekvensane eit tiltak fører med seg. Metoden for konsekvensutgreiing av ikkje-prissette tema er omtalt i kap. 6 i handbok V712, oppdatert versjon 2021.

For ein grundig metodegjennomgang viser vi til V712. En forkorta versjon av de viktigaste trinna i metoden er attgitt i kapittel 3.3.

3.2 Temadefinisjon delutgreiing Kulturarv

Fagtemaet kulturarv omfattar spor etter menneske si verksemd gjennom historia knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Føremålet med analysen er å få kunnskap om verdifulle område for tema og belyse konsekvensar av dei ulike utbyggingsalternativa. Det blir gjort tydeleg kva alternativ som er best og dårlegast for fagtemaet.

Kulturarv vert her definert som materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd. I denne analysen er det dei materielle spora etter menneskeleg verksemd som er i fokus.

Temaet omfattar følgjande deltema:

- Kulturminne
- Kulturmiljø
- Kulturhistoriske landskap, inklusive bylandskapet


Kulturminne og kulturmiljø er definert i Lov om kulturminne. Kulturminne er her definert som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturmiljø er definert som eit område der kulturminner inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturhistoriske landskap skal i denne samanhengen forståast som større samanhengande område med kulturmiljø, der den kulturhistoriske dimensjonen er betydeleg.

I ei samfunnsøkonomisk analyse skal konsekvensar teljast berre ein gong. Grenseoppgang mellom dei ulike temaa kjem fram av kapitelet om definisjonar og avgrensingar for kvart fagtema i handbok V712.

For å unngå dobbeltteljing av tema landskap er det gjort endringar i inndelinga av delområder i denne rapporten i samanlikna med statleg plan. Dette gjeld fyrst og fremst KL10 i statleg plan, Dalevågen.

3.3 KU-Metoden sine 3 trinn

Konsekvensutgreiing for ikkje-prissette tema vert gjennomført etter ein tre-trinns metode som er vist i figur 3-1. Gjennom innleiande arbeid vert tiltaket og relevante registreringar henta inn og skildra. Trinn 1 og trinn 2 skal gjennomførast for alle fagtema for seg. Den føreliggjande temarapporten gjennomgår trinn 1 og 2 fagspesifikt. Trinn 3 er ei konsekvensvurdering av alle ikkje-prissette fagtema samla, og vert gjennomgått i planomtalen.



Figur 3-1. Tre-trinns metode for konsekvensutgreiing av ikkje-prissette tema (V712)

3.4 Fagspesifikk skildring av metodikk

På grunnlag av innsamla kunnskap vert utgreiingsområdet delt inn i delområde. Eit delområde er definert som eit område som har einskapleg funksjon, karakter og/eller verdi og som av den grunn skil seg frå omkringliggjande areal. Registreringskategorier gjevne i V712 og vist i tabell nedanfor er eit viktig utgangspunkt for inndelinga.

Tabell 3-1. Registreringskategorier for fagtema Kulturarv. Henta frå V712 og derfor ikkje på nynorsk.

Registreringskategori	Forklaring
Kulturmiljønivå	
Gårdsmiljøer/ fiskebruk mm	Gårdsbruk, småbruk og husmannsplasser med våningshus og driftsbygninger inkludert jordbruksspor, gravminner. Fiskebruk med våningshus og driftsbygninger inkludert naust/strandlinje.
Kulturmiljøer i tettbygde områder	Bygningsmiljøer, sentrumsområder, områder ved viktige knutepunkter ol.
Teknisk-industrielle kulturmiljøer	Industrianlegg, spor av gruvedrift, fløtningsminner, marine kulturminner, veger, jernbane, kraftanlegg, kaianlegg, bruer, osv.
Steder det knyttes tro eller tradisjon til	Tradisjonslokalteter, hellige fjell, offersteiner, historiske hendelser osv.
Forsvarsanlegg	Bygdeborger, festningsanlegg, borganlegg, kaserner, leirområder, skanser, krigsminner.
Kulturminner i utmark	Bosetningsspor, gravminner, kullgroper, jernvinneanlegg, fangstanlegg, bergkunst, rester av åkerbruk, seterbruk, fangstanlegg, produksjonsanlegg knyttet til jern/stein, spor etter samiske bosetninger, uthus, plasser mm ⁷⁴ .
Andre kulturmiljø	Monumentalbygg, enkeltbygninger, monumenter, parker, kirker, skoler, forsamlingshus, parkanlegg, og så vidare.
Landskapsnivå	
Kulturhistoriske landskap	Verdensarvområder. Områder registrert i forbindelse med «Registrering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap» og Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Riksantikvarens register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Større sammenhengende landskap/kulturmiljø avsatt i regionale og kommunale planer. Områder der de historiske relasjonene i landskapet er framtreddende.
Infrastruktur	Historiske veger, jernbane, vannveger, slep osv. Funksjonelle sammenhenger som fløtningsminner, produksjonsanlegg, kraftlinjer osv.
Bystruktur	Historiske bystrukturer og helhetlige bygningsmiljøer (NB! registeret - Nasjonale kulturminneinteresser i by).

3.4.1 Førebuaende arbeid


0-alternativet – tidlegare godkjende reguleringsplanar. Tiltaket skal vurderas opp mot 0-alternativet.

Kunnskapsinnhenting – gjennomgang av eksisterende kunnskap, deriblant eksisterende databaser, tidligere utredninger osv., befarung, kontakt med kommunen/fylkeskommunen/fylkesmannen etc.

Eventuelt definere delområde – på grunnlag av innsamla kunnskap vert utgreiingsområdet delt inn i einskaplege delområde. Eit delområde er definert som et område som har en einskapleg funksjon, karakter og/eller verdi.

3.4.2 Verdivurdering

Området eller delområda skal verdisetjast på en glidende skala frå 'utan betydning' eller verdi, til svært stor verdi.



Figur 3-2. Skala for vurdering av verdi. Kilde SVV håndbok V712.

Området vert vurderes ut i frå kriterier etter deltema, dette kan vera bruksfrekvens, registrert verdi eller kvalitet. Bruksfrekvens er eit uttrykk for kor mykje og kor ofte et område blir brukt. Verdi handlar om viktigheita eit område har for lokalområdet. Kvalitet handlar om attraktivitet og opplevingsverdiar.

Kriteria for verdisetjing er temaspesifikke og vert vurdert ut ifrå gitte kriterier. Temaspesifikke verdikriterier for kulturarv er vist i tabellen under, slik handbok V712 definerer.

Tabell 6-26 Verdikriterier for kulturarv: kulturmiljø og kulturhistoriske landskap.


		Ubetydelig verdi	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Kulturmiljønivå						
Kulturhistorisk betydning	Uten betydning	er alminnelig/lokalt vanlig	har lokal/regional betydning	har stor regional/nasjonal betydning	har stor nasjonal/internasjonalt betydning	
Arkitekturhistorisk betydning		bygningsmiljø som inneholder bygninger av begrenset arkitekturhistorisk betydning	bygningsmiljø som inneholder bygninger med arkitekturhistorisk betydning	helhetlig bygningsmiljø som inneholder bygninger med stor arkitekturhistorisk betydning	helhetlig bygningsmiljø som inneholder bygninger med særlig stor arkitekturhistorisk betydning	
Betydning for kulturell eller etnisk gruppe		inneholder få elementer som kan knyttes til en kulturell/etnisk gruppe	inneholder flere elementer som er karakteristisk for en kulturell /etnisk gruppe	miljø som er karakteristisk for en kulturell/etnisk gruppe	helhetlig miljø som er karakteristisk for kulturell /etnisk gruppe og som er sjeldent/unikt	
Historisk hendelse eller personer		er svakt knyttet til en lokal historisk hendelse/ person	er knyttet til en lokal historisk hendelse/ person	er knyttet til en regional historisk hendelse/ person	er knyttet til en nasjonal historisk hendelse/ person	
Landskapsnivå						
Kulturhistoriske sammenhenger		ligger i en kontekst/sammenheng som er noe fragmentert	inngår i en kontekst/sammenheng	inngår i en helhetlig kontekst /sammenheng	inngår i en særlig helhetlig kontekst	
Kulturhistorisk landskap		delvis ødelagt	som har lokal/regional betydning	som har stor regional/nasjonal betydning	sammenheng som har meget stor nasjonal/internasjonalt betydning (er unikt)	

3.4.3 Vurdering av påvirkning

Påverknad er et uttrykk for endringer som det alternative tiltaket vil medføre i det aktuelle delområdet. Vurderinger av påverknad er relatert til den ferdig etablerte situasjonen. Det er berre område som blir varig påverka som skal vurderast.

Skalaen for påverknad er delt inn i fem trinn og går frå sterkt forringa til forbetra. Vurdering av påverknad vert gjort i høve til 0-alternativet. Inga endring utgjer 0-punktet på skalaen.

Faktorar som påverkar kulturmiljø er gitt i figur 3-3. Tabellen er ei rettleiing for gradering av påvirkning. Vurderingane skal begrunnast i ein kort og konsis tekst.




Figur 3-3. Skala for vurdering av påvirkning.
Kilde SVV håndbok V712.

Tabell 3-2. Skala for vurdering av påverknad kulturarv

Påverknad	Landskapsnivå	Kulturmiljønivå
Sterkt forringa	Splitter opp det kulturhistoriske landskapet på ein slik måte at det sterkt reduserer lesbarheita og forståinga av samanhengar. Bidrar til å øydeleggje eller sterkt redusere verdien til viktige kulturmiljø. Skaper barrierer.	Øydelegg heile eller størstedelen av kulturmiljøet. Øydelegg den viktigaste (mest verdifulle) delen av miljøet. Bidrar til at miljøet sin funksjon blir øydelagd. Tap av svært viktige enkeltelement.
Forringa	Splitter opp det kulturhistoriske landskapet og reduserer lesbarheita. Reduserer verdien av dei enkelte kulturmiljøa. Bidrar til reduserte samanhengar.	Berører store delar av kulturmiljøet. Reduserer miljøet sin funksjon. Tap av viktige enkeltelement.
Noko forringa	Splitter opp det kulturhistoriske landskapet, men dette kan framleis fungera som eitt landskap utan vesentleg redusert lesbarheit. Svekkjer samanhengar og linjer for samband	Berører ein mindre viktig del av kulturmiljøet. Tap av mindre viktige enkeltelement. Svekkjer samanhengen.
Ingen/ubetydelig endring	Ingen påverknad/ubetydeleg endring.	Ingen påverknad/ubetydeleg endring.
Forbetra	Gjenoppretter samanhengar der det har vore brot og betrar kontakten mellom kulturmiljøa. Bidrar til restaurering av viktige kulturmiljø og kulturhistoriske landskapselement. Reduserer noverande negativ påverknad eller tar bort støy.	Betrar tilstanden vesentleg ved at noverande negative inngrep vert tilbakeført. Bidrar til restaurering av kulturmiljø eller kulturminne. Reduserer påverknad eller tar bort støy.

3.4.4 Konsekvens

Konsekvens vert vurdert ved å sammenligne et delområde sin verdi med påverknaden tiltaket gir. Til vurderinga benyttar ein den såkalte konsekvensvifta i SVV håndbok V712, sjå figur 3-4. Skala og forklaring på konsekvensgraden går fram av figur 3-5. Konsekvens for alle delområd vert samla i ein eigen tabell og det vert gjort ei fagleg vurdering av den samla konsekvensen av hele tiltaket i kap. 6. Samla vurdering av konsekvens for heile området er vurdert etter skala i figur 7-1 i kap. 7.



Figur 2-4: Konsekvensvifte.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (----)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
---	3 minus (---)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
--	2 minus (--)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+ / ++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++ / ++++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.

Figur 3-5: Skala og veiledning for konsekvensvurdering av delområder.

Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (----). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (----), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (---).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (---).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (--) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

Figur 3-6: Kriterier for fastsetjing av samla konsekvens.

3.4.5 Skadereduserande tiltak

Utgreiar kan foreslå konkrete skadereduserande tiltak. Dette er konkrete forslag som kan bidra til å avgrense verknadene av tiltaket. Slike tiltak kan vera justering av fysiske tilhøve eller miljøtiltak som kan dempe tiltaket sine negative konsekvensar. Dette kan gjelde anleggsfasen så vel som driftsfasen.

4. Utgreiingsalternativ og tiltaksskildring

4.1 0-alternativet – referansealternativet

0-alternativet er ei vidareføring av alle gjeldande reguleringsplanar i området, med statleg plan for ny E16 med Vossebane og områdeplan for Tettaneset. Referanseåret som er lagt til grunn er 2033, dvs. når statleg plan er realisert og banearealet i eksisterande banetrase er frigitt. Plan for Tettaneset kan reknast for å vere delvis realisert i referanseåret.

4.2 Tiltaksskildring for områdeplanen

Tiltak for ny stasjon og bane er avklart gjennom vedtatt reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle. For å få ei komplett oversikt over tiltak og konsekvensar i planområdet er konsekvensutgreiing for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle teke med i tabellane for dei ulike delområda.

Områdereguleringa for Stanghelle opnar opp for fortetting av områder i nær tilknytning til det nye stasjonsområdet og sjøen. For store delar av desse områda vert det stilt krav om detaljregulering før utbygging. Detaljreguleringar er prosjektspesifisert, og difor vil detaljar som utnytting av areal, byggehøgde, byggjegranser, tilkomst og estetikk måtte bli tematikk i framtidige planar. Områdereguleringa legg opp til utbygging av nokre nye areal, i tillegg til at ein vidarefører eldre gjeldande planar som ikkje er bygd ut. Som følge av nye krav er det vanskeleg å få realisert dei eldre planane, og det forutsett ny detaljregulering for nokre av disse områda også.

4.2.1 Utviklingsområda i områdeplanen:


Følgjande tiltak er tiltak frå gjeldande planar og utgjer 0-alternativet:

- Ny togstasjon med byggefase (statleg plan)
- Tettaneset bustadreserve (vidareføring områdeplan)

Følgjande tiltak er å rekna som nye tiltak i forslag til områdeplan og er lagt til grunn for KU vurderinga:

1. Fortetting og transformasjon i Stanghelle sentrum
2. Bustader i sentrum
3. Friområde ved kyrkjegarden
4. Skoletomta
5. Sjøfront nord
6. Sjøfront sør
7. Transformasjon av banetraseen inkl. reparasjon gang/sykkelnett
8. Naust/friområde/møteplass
9. Brannstasjon
10. Vidareføring av midlertidig veg frå statleg plan
11. Vidareføring av eldre regulering Tettaneset

4.2.2 Utviklingskart



Figur 4-1. Utviklingskart som viser hovedtrekk og tiltak i områdeplanen (Kjelde: Henning Larsen)

5. Kunnskapsgrunnlag og delområde

5.1 Generell skildring

Stanghelle ligg i Vaksdal kommune, ved Dalevågen som munnar ut i Veafjorden. Mot aust er det høge fjellparti og det er ingen vegforbindelse i denne retninga. Stanghelle er forbunden med Bergen og Voss via Bergensbanen/Vossebanen og eksisterande E16 som går gjennom sentrum. Det er omlag 60km til Bergen. Vaksdal vart eigen kommune ved kommuneregulering i 1964, før den tid var Stanghelle ein del av Bruvik herad og sokna under Dale. Lenger tilbake, frå før 1870, var Stanghelle del av Haus herad. Det er spor av at det har vore menneske i området, heilt tilbake til jernalder, som har livnært seg med jakt og fiske. Hellingen, rett bak stasjonsområdet, og gravplassen på Tettaneset vitnar begge om dette. Hellingen har og gjeve navnet til staden som kjem av norrønt *stong*, 'stong', og *heller*, 'utoverhengande berg'.

Dei gamle gardane er gnr. 20, Stanghelle og gnr. 21 Helle. Helle er eit heilskapleg kulturmiljø som framleis er i drift som jordbruksland. På Stanghelle har det vakse fram nye hus på innmarka til dei gamle gardstuna noko som gjev ein amorf struktur.

På 1970-tallet kom det bru over fjorden over til Agnavikjæ og dette mogeleggjorde ei større utbygging på vestsida av vågen. I lia ned for dei bratte fjellpartia Sjinko, Åsen og Storhjellen er det no eit homogent bustadområde, med ein bustadar langs vegane Vågslia, Eikestølen, Ospeholtet og Åslia. Mot Tettaneset, i Bjørsvikjæ, Botnavikjæ og Stølavika er det spreidd hyttebygning mot vest, mens og ein del konsentrert busetnad mot aust.

Stanghelle har ein rik kultur knyta til fiske, båtar og jordbruk som var hovudnæringa fram til slutten av 1950-tallet. Då byrja fabrikkarbeidarar frå A/S Dale fabrikkar, og andre industribedrifter å busetja seg her og det var byrjinga på at Stanghelle vart ein tettstad med mange pendlarar. Vossebanen med stasjon, jernbanebru og trasé gjennom Dalevågen, er viktige kulturminne. Historisk foto frå tidleg 1960-tallet visar eit jordbrukslandskap med innmark heilt ned til stranda. I dag er det ingen gardsbruk i drift på Stanghelle.

Dagens arealbruk slik definert av Vaksdal kommune i *Plan for kulturminne (2015-2018)* visar at Stanghelle er dominert av busetnad. Dagens senterområde ligg ved E16 med daglegvare og bygg for offentleg tenesteyting (barnehage). Tidlegare var kaiområdet, stasjonen og gravplassen det sentrale punktet i tettstaden - butikken låg også ved stasjonen. Bygga langs Dalevågen inngår i «grøntstruktur». Her er ingen industri.


Flyfoto under viser den gradvise utviklinga av Stanghelle i bilder frå 1964, 1985 og 2008:



Figur 5-1. Flyfoto frå 1964 før bru til Stanghelle vest og påfølgjande bustadbygging. (Kjelde: Kart1881.no)



Figur 5-2. Flyfoto frå 1985 som viser bruforbindelse til Stanghelle vest og dei nye bustadfelt der samt nytt bustadfelt på Haugane (Kjelde: kart 1881.no)



Figur 5-3. Flyfoto frå 2008, V2, som og har med Helle (Kjelde: kart 1881.no)

5.2 Kunnskap og kjelder

Relevante data er henta frå fyljande kjelder:

- Askeladden.ra.no
- *Miljøstatus.no*
- Arealbruk i kommuneplananes arealdel
- Bygdebøker og anna lokalhistorisk litteratur
- Statens vegvesen, 2014: KVV Voss-Arna. Konfliktpotensialanalyse. Ikkje-prisette verknader. Vedlegg 2.
- Statens vegvesen, 2017: E16 og Vossebanen. Verdi -og konfliktnivåanalyse. Ikkje-prisette tema. Vedlegg til hovudsilingsrapport.
- Landsverneplanen for jernbanen
- Nasjonal verneplan for Kulturminner i jernbanen, del II, objekter og miljøer (2004)
- [Nasjonal Verneplan for Kulturminner i Jernbanen - DocsLib](#)
- Nasjonal verneplan for rullende materiell i jernbanen, 2022


- [NASJONAL VERNEPLAN FOR RULLENDE MATERIELL i jernbanen \(jernbanemuseet.no\)](http://jernbanemuseet.no)
- E16 OG VOSSEBANEN STATLEG REGULERINGSPLAN, KONSEKVENSGREIING
- IKKJE-PRISSETTE TEMA, FAGTEMA KULTURARV, Bane Nor og statens vegvesen, 18.11.2020
- Plan for kulturminne Vaksdal kommune 2015-2018
- Om treffpunkt på Stanghelle, Asbjørn Tysseland
- Jernbanebrua på Stanghelle i 1940, Arvid Stanghelle

Vurdering av datagrunnlaget:

Datagrunnlaget baserer seg stort sett på kjent kunnskap. Det er knytt usikkerheit til område som ikkje er tilstrekkeleg registrert og kulturminne som ikkje er kjente eller synlege. SEFRAK registeret er ikkje oppdatert og det knyter seg difor usikkerheit til opplysningane i registeret.


5.2.1 Registreringskart for arealbruk og kulturminner

Kart nedanfor visar at dagens arealbruk på Stanghelle dominert av bustader.



Figur 5-4. Dagens arealbruk for Stanghelle, her er Helle ikkje med (Kjelde: Plan for kulturminne Vaksdal kommune 2015-2018)

Registreringar av kulturminner, henta frå Askeladden, gir grunnlag for inndelingar i delområde for vurderingar i konsekvensutgreiinga.



Figur 5-5 Askeladden viser alle kjente freda og SEFRAK- registrerte kulturmiljø og enkeltminner innanfor planområdet (Kjelde. Riksantikvaren.no)

5.3 Alternativ 0, temaspesifikke forhold


Følgjande tiltak er tiltak frå gjeldande planar og utgjer 0-alternativet saman med eldre reguleringsplanar:

- Ny togstasjon med byggefase (statleg plan)
- Tettaneset bustadreserve (vidareføring områdeplan)

Desse tiltaka er utgreidd gjennom områdeplanane for Tettaneset og i statleg plan, og skal difor ikkje vektast som påverknad i denne rapporten. Verknadene av desse planane er likevel tydeleggjort i denne rapporten, omtalt som påverknaden av 0-alternativet. Vidare er påverknaden til denne områdeplanen vurdert opp mot påverknaden til 0-alternativet.

I statleg plan, som omfattar heile strekninga frå Arna til Dale, er delområdet som heiter Stanghelle større i utstrekning enn plangrensa til områdereguleringa for Stanghelle. Delområde i KU Kulturmiljø for

områdereguleringa er difor noko endra. Dette gjeld mellom anna KL10 Dalevågen i statleg plan. Kulturlandskap Dalevågen som er redusert i størrelse i områdereguleringa.



5.4 Definisjon av delområde

Planområdet for områdeplanen er stort, og influensområdet er generelt avgrensa til planområdet for alle deltema.


Planområdet er inndelt i delområde for kulturmiljøområde med forkortinga KM1, KM2 etc. og i delområde for kulturlandskap med forkortinga KL1, KL1 etc. jf. Tabell nr.1. Inndelinga er gjort med utgangspunkt i kulturlandskapet og dei gamle gardstrukturane. Framveksten av ulike ferdsselsårer har hatt stor betydning for Stanghelle si utvikling og jernbanen er eige delområde i registreringskategori, landskapsnivå, infrastruktur jf.

Tabell 1. Dette er ulikt statleg plan der jernbanen er registrert som kulturmiljø. Tilsvarande er Hellevegen og registrert under landskapsnivå i kategori infrastruktur.

Dei to gardane Stanghelle og Helle er eigne delområde. Utmark, fjellbeite og høgfjell er ikkje synfart og er verdisett med utgangspunkt i skriftlege kjelder samt Askeladden database.

Verdi for kvart delområde er samanfatta i tabell og verdisett jf. verdikart. Verdivurderingane for delområda er skildra i kapittel 6.

5.5 Verdikart



Figur 6-1. Verdikart og delområde (Kjeldre: Henning Larsen)

6. Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens

6.1 KM1- Vossebanen, stasjonsområdet, jernbanebru og trasé

Registreringskategori: Teknisk-industrielt kulturmiljø, landskapselement

Registrering og omtale:

Bygginga av Vossabanen fekk stor betydning for Stanghelle. Mange jernbane arbeidarar busette seg her og det vaks fram småindustri knytt til jernbane som til dømes smier. For bøndene var det og oppgangstider då jernbanearbeidarane kjøpte landbruksprodukt. Vossebanen er namnet på den opphavlege jernbanestrekninga mellom Bergen og Voss og vart satt i drift i 1883. Det var heilt frå starten av planlagd å forlenge banen austover til Oslo, Banen vidare frå Voss til Oslo stod ferdig i 1909 og Vossebanen vart då del av Bergensbanen.

Banen endra kulturlandskapet, kom tett innpå gardstuna og skilte garden frå naustmiljøet. Den største endringa var nok at det etter kvart danna seg sentrumsområde og industri kring stasjonen som direkte fylgje av jernbanen.

Stasjonsbygningen er oppført etter typeteikningar av arkitekt Baltazar Lange frå 1879. Bygget er utført i sveistarstil, med overhengande tak mot perrongen. Det overhengande taket som er vist på historisk foto nedafor har gått tapt, men bygget har elles stor grad av autensitet.



Fig. 6-3 . Stasjonsbygget Anno1892 (Kjelde: Fylkesarkivet)



Fig.6-4. Stasjonsbygget anno 2021 (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-5. Jernbanen har nærleik til fjorden og svinger med strandlinja (Kjelde: Bane Nor, SVV)



Figur 6-6. Kart frå 1880, visar jernbanetrasen. Kartet er «22B Haus Rektangelkart Hordaland 1880: (Kjelde: Kartverket)



Figur 6-7. Vossebanen på vestsida av Dalevågen. (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-8. Jernbanebrua på Stanghelle i 1940 (Kjelde: Arvid Stang, Utlån, Fotoarkiv, Vaksdal kommune)



Figur 6-9. Jernbanebrua som kryssar Dalevågen. (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-10. Detalj av brua med fotgjengarovergang av nyare dato enn sjølve hovedkonstruksjonen. (Kjelde: Henning Larsen)

Tabell 6-1. Oversikt enkeltminner

Beskrivelse	Datering	Status		SEFRAK -ID (trekant)	Bygnings nr.
Stasjonsbygg	1800-talet 4. kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-054	175805524
Jernbane	1800-talet 4.kvartal	verneverdig			

Definisjonen av delområdet:

Omfattar banearealet med teknisk infrastruktur, samt enkeltelement som stasjonsbygning og jernbanebrua.

Verdivurdering:

Verdivurdering av dagens situasjon og grunnlag for å definere eventuelle omsynsner:

Stasjonsbygningen er vurdert å ha stor historisk og arkitekturhistorisk verdi i KU kulturarv frå statleg plan. Heile baneføremålet med stasjonsbygning bør inngå i ei omsynssone kulturmiljø i plankartet.

Påverknaden til 0-alternativet:

Ny bane og stasjon blir bygd, og ny bru over Dalevågen kjem til. Ny banetrase blir påkobra den eksisterande traseen like nord for den nye brua. I dette området blir det ein del terrenginngrep rundt banetraseen. Når nytt stasjonsområde er ferdig bygd og før eksisterande baneføremål blir frigitt til annan bruk, vert alle tekniske installasjonar fjerna, som jernbaneskiner, master og køyrelinjer med el-forsyning. Dette vil medføre at stasjonsbygningen misser sin funksjon og plassering i høve til funksjonen ferdslelinja har i dag. Tap av slike enkeltelement og primær funksjon for landskapsområdet Vossebanen vil gi ei påverknad som er vurdert å liggje mellom ubetydeleg endring og noko forringa i høve til dagens situasjon.

Påverknaden av områdeplanen:

Vidare bruk av sjølve baneføremålet er ikkje avklart. Det er stilt krav om detaljregulering, noko som kan starte opp ved oppstart av byggjefasen i statleg plan. Områdeplanen opnar difor for at baneføremålet kan nyttast både som bane, eller endrast til gang/sykkelveg, trase for teknisk infrastruktur, friluftsføremål. Baneføremålet er tenkt endra til turdrag med gang/sykkelvegar og evt. tilkomstveg for andre areal.

Områdeplanen opnar også for 2 utbyggingsfelt mot sjø som gjev ei tyngre utbygging, og ligg knytt opptil det tidlegare banearealet som er vurdert å ha påverknad for samanheng og lesbarheit. Det er også knytt krav om detaljregulering til desse utbyggingsfelta.

Påverknaden for landskapsnivået for Vossebanen er at det splittar opp dei kulturhistoriske samhengane, men at det kan fortsatt fungere som eit landskap utan vesentleg tap av lesbarheit. Fordi arealet vert vidareført som forbindelseslinje (turveg/køyreveg) vert samanhengen til den forbindelseslinja fortsatt ivaretatt. At omsynssonene er teke inn i plankartet skal sikre at den historiske funksjonen vert vidareformidla gjennom framtidig bruk og utforming av arealet.


Visuelle verknader

Det er kytt krav om detaljregulering til felta KBA2 og KBA3 og endeleg utnytting for felta skal avklarast gjennom reguleringsprosessen. Verknadene for kulturminna er difor illustrert med to ulike utnyttingar. Kulturminna som verknadene vert vurdert opp mot er markerte med orange farge.

Stasjonen vestover:



Figur 4 Dagens situasjon frå Google streetveiv, 2022



Figur 5 Alternativ 1 – litt mindre



Figur 6 Alternativ 2 – litt større utnytting

KBA3 er i alternativa skissert med blokker med maksimalt 5 etasjer og opp mot 8 etasjer, med renseanlegg i front, noko tilbaketrekt. Verknadene av dei høgaste voluma blir difor avdempa i høve til stasjonsområdet.

Stasjonen austover:



Figur 7 Dagens situasjon frå plankryssinga, Google streetview 2022



Figur 8 3D- modell av Eksisterande situasjon, Stasjonen austover



Figur 9 Alternativ 'litt større' - stasjon austover

KBA2 er i alternativ 'litt mindre' skissert med ei naustrekkje som kan nyttast som bustadnaust eller næring- og kontor. Denne rekkje gjev mindre behov for utfylling i sjø, og det er skissert 2 mellomrom for å bryte opp i bygningrekkja. Eit forsamlingslokale er plassert lengst sør i feltet (til venstre i biletet) og kan byggjast før statleg plan er realisert.

Verknadene av ei lang samanhengane utbyggjing langs vossebana er vurdert å vere negative. Det er viktig at det blir sikra at jernbana forstst har kontakt med sjø i framtida.

Tabell 6-2: Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KL1

Verdivurdering: Delområde KM1 – Vossebana med stasjonsbygning							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
Delområdet er ein historisk jernbanetrasé som strekk seg gjennom heile planområdet med tilhøyrande tekniske byggverk som bruer og perrongar samt stasjonsbygg ved Stanghelle stasjon.							
Jernbanen har stor regional/nasjonal kulturhistorisk betydning. Jernbanestrekninga innanfor planområdet har ikkje eit formelt vern, men er del av Vossebanen som er unik i nasjonal samheng. Jernbanen har og vore premiss for utviklinga av området frå jordbruksbygd til tettstad. Bruene er tidstypiske byggverk. Brua som kryssar Dalevågen har stor immateriell verdi då det knyter seg hendingar i krigen til denne. Stasjonsbygningen har arkitekturhistorisk betydning, er representativ for denne tida, og stasjonsbygg som og var med å gje impulsar til byggeskikken lokalt. Delområdet har stor verdi.							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	Områdeplanen opnar for at baneføremålet kan nyttast som gang/sykkelveg, trase for teknisk infrastruktur, friluftsføremål.						
	I forslag til nytt tiltak er det planlagt 2 tilgrensande utbyggingsområde, som kan gje samanhengande rekkjer av bygningar mellom den historiske jernbanetraséen og sjøen/Dalevågen i ei strekning som tidlegare har vore open, slik at trasen har hatt kontakt med sjø. Ny bygningsmasse vil føra til at jernbanetraséen i delstrekningar ikkje lenger er synleg frå sjø eller frå andre sida av Dalevågen. Dette vil endra opplevinga av kulturminnet i dette området.						
	Nytt tiltak påverkar stasjonsbygget sin plassering i landskapet som godt synleg frå dei fleste stadar i bygda. Sikta til stasjonsbygget vil svekkjast noko, sjølv om plasseringa er sikra tilgang til strandsone i ny situasjon. Stasjonsbygget er gitt eit åpent rom rundt seg gjennom regulering av friområde langs sjø, og er plassert i eit sentralt punkt i mellomrommet mellom dei to utbyggingsområda. Ny utbyggjing kan bli ein del høgare en stasjonsbygget.						
Utbyggingsalternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til noko miljøskade (-)						

6.2 KL2- Dalevågen-innsegling


Registreringskategori: Kulturlandskap

Registrering og skildring:


Stanghelle hadde tett samkvem med Osterøy og fjorden var kommunikasjonsveg i lang tid. Skuleborna kom over fjorden frå Osterøy for å gå på skule på Stanghelle. For Dale fabrikkar var kaien på Stanghelle særst viktig. Fabrikken hadde i lang tid og si eiga seglskute og det kom skip frå Engeland med kull til fabrikk. Det var strandsitjarar langs Dalevågen i tida då Vossabanen blei bygd. Kaien på Stanghelle var lenge sentrum i bygda, og her la dampbåtane til. Dei historiske bilete nedanfor visar innseglinga, kai og det gamle sentrum.



Figur 6-14. Innseglinga til Dalevågen sett frå Brekjen 1945. Osterøy på andre sida av fjorden (Kjelde: Fylkesarkivet)




Figur 6-15 Stanghelle tidleg 1960-tallet. Stasjonsområdet og vei til kaien som er vist i foto nedanfor er markert. (Kjelde: A. Tysse, Foto, Solveig Risnes)



Figur 6-16. Kaien sett frå sjø i 1910. (Kjelde: Fylkesarkivet)

Verdivurdering og områdedefinisjon:

Dalevågen landskapsområde omfattar innseglinga til Stanghelle, den historiske tilkomsten til tettstaden med den gamle kaien, stranda, stasjonen og gravplassen.



Påverknad av 0-alternativet: ubetydeleg.

Stasjonsområdet og ny banetrase med bru over Dalevågen påvirker ikkje det definerte landskapsområdet Dalevågen.

Påverknaden av Områdeplanen:

Utbyggingsfelta for transformasjon langs sjøfronten vil påvirke landskapsområdet Dalevågen når desse vert utbygd med høg tettleik i strandlinja. Grepet med friområde som inkluderer stasjonsområdet, gravplass, helleren og den gamle kaien er viktig for å redusere negativ påverknad ved framtidig utbygging langs sjøfronten.

Funksjonen dette området har som innsegling sjøvegen er vidareført gjennom eksisterande småbåthamn, ny småbåthavn ved Tettaneset og naust- og småbåthamnene lenger inne i Dalevågen, samt idrettslaget sin kajakkplass.

Visuelle verknader av bygningsvoluma



Figur 10 Dagens situasjon, sett frå innseglinga til Dalevågen



Figur 11 Alternativ 'Litt større'



Figur 12 Alternativ 'Litt mindre'

Tabell 6-3: Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KL-2

Verdivurdering: Delområde KL 2- Dalevågen							
- Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Dalevågen har stor historieforteljande verdi. Vågen har hatt stor betydning for utviklinga på Stanghelle og i tiliggjande områder, då særleg Dale. Kaien har vore viktig knutepunkt med skysstrafikk for post, gods og folk. Dalevågen viser stor samanheng mellom natur og kultur, og har stor bruksverdi, opplevingsverdi- og formidlingsverdi.</p>							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	<p>I forslag til tiltak er det planlagt nye område for sjøfrontutvikling langs Dalevågen, både på austleg og vestleg bredde. Ved utbygging på utfylling i sjø vil forholda mellom natur og kulturlandskap svekkjast. Voluma som er foreslått i alternativ 'litt større' (i KBA2 og 3) har ein skala som ikkje samsvarar med eksisterande naustmiljø, kaiar, bruer, slippar og dei andre konstruksjonane langs Dalevågen. Dette svekkjer dei naturlege samhengane i landskapet for innseglinga og har direkte negative verknader på kulturmiljøet sin landskapsdimensjon (reduserer verdien).</p> <p>Tiltaka vil bety ei vesentleg fortetting og privatisering langs vågen og den naturlege strandlinja. Innsyn til og utsyn frå Dalevågen vil svekkjast. Historiske samanhengar vil svekkjast.</p>						
Utbyggingsalternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er satt til betydeleg miljøskade (--)						

6.3 KM3- Gard nr.20, Stanghelle


Registreringskategori: Gardsmiljø, fiskebruk

Registrering og skildring:

Garden er fyrst kjent frå skriftlege kjelder då den var eigd av Munkelivkloster, i Bergen. Den eldste garden ligg på ei slak gresslette mellom den bratte fjellveggen og fjorden. Blant dei mest verneverdige bygningane er gardsbygningane som står att der dei gamle tuna låg, som til dømes på bruk 1, *Haldorane*. Våningshusa her har opphavleg vore lemstover med to tømra stover i kvar ende og gang og kjøkken midt på. I dag har området ein amorf struktur med rekkehus oppført på innmark til dei gamle gardane. Storparten av innmarka er bebygd med vegar og bustader av nyare tid. Denne utviklinga skaut fart frå 1972 då garden vart delt opp i tomter til salg.



Figur 6-18. Haldorbrekka ha ein amorf struktur med rekkehus oppført på innmark til dei gamle gardane. Dei eldste bygga er SEFRAK-registrerte og markert med trekant. (Kjelde: Riksantikvaren.no)



Figur 6-19. Våningshuset på garden kalla, Haldorane (Gnr.20/bnr. 1) er markert med rute i venstre bildekant. Driftsbygningen til høgre for huset er reven. Det høgreiste bygget med midt i bilde var framhaldsskulen, den og er reven. Bygga som står att i dag er vist med rute. (Kjelde: Fylkesarkivet)



Figur 6-20. Haldorane sett frå Neset. SEFRAK-reg. bygg er markert med rute. Den øverste ruae viser lemstova til Haldorane. (Kjelde: Googlemaps.com)

Tabell 6-4. Oversikt enkeltminner

Beskrivelse	Datering	Status		SEFRAK-ID (trekant)	Bygnings nr.
Solhaug, uthus	Før 1850	verneverdig	▲	1251-0203-015	175805451
Solhaug, Sjurahuset, Våningshus	1900-talet 1.kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-014	175805478
Haldorane, Våningshus	1800-talet 3.kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-001	

Dagens situasjon



Figur 13 Solhaug

Våningshuset er vedlikehalde og uthuset er ombygd. Utsikten til fjorden er uhindra, medan utsikten til B2 er skjerma.



Figur 14 Haldorane

Våningshuset er vedlikehalde. Utsikten til fjorden er dels skjerma av eksisterende bygg. Vegetasjon i overgangen til tomt B2 gjev skjerming i dagens situasjon.

Verdivurdering og områdedefinisjon:

Delområdet omfattar 3 SEFRAK-bygg som er eldre gardsbygningar i gul og raud kategori.

Jordbrukslandskapet som opprinneleg er knytt til funksjonen til desse bygga er bygd ned allereie. Solhaugbygningane ligg i dag like ved jernbana, og brua over Dalevågen, medan våningshuset Haldorane ligg litt lengre opp i bakken, med nyare bustadbygg i mellom. Dette blir vurdert som eit bygningsmiljø som inneheld bygningar med middels arkitekturhistorisk betydning.

Det vert anbefalt at bygningane får omsynssone H-570 i områdeplanen.

Påverknad av 0-alternativet: Statleg plan berører ikkje delområdet direkte. Baneføremålet for traseen er fortsatt gjeldande. I samband med at eksisterande jernbane vert avvikla, blir jernbanespor, tekniske installasjonar og gjerder fjerna.

Påverknad av områdeplanen:

Områdeplanen vil vidareføre banearealet som ei ferdsleåre for gang/sykkeltrafikk og grønnstruktur. Banetraseen vert opna for ferdsle og strandsona vert meir tilgjengeleg ved at det kan etablerast gangstiar på tvers av banearealet. Utbyggingsfeltet KBA2 og B2 vil utgjere tiltak som påverkar kulturmiljøet i delområdet KM3 - Gard nr.20.



Figur 6-21. Plankartet viser formål KBA2 (sjøfrontutbygging) og B1 (bustadutbygging) i områdeplanen som vil påverka kulturmiljøet i området.



Figur 6-22. Tiltakskart viser at rett sør for Lemstova kalt Haldorane, er det foreslått bustadområde, og på sjøsida av banetraseen ved Solhaug er det planlagt utbyggingsområde for sjøfront med høg utnytting (Kjelde Henning Larsen)

KBA2 ligg på sjøsida av baneføremålet, ved Solhaug. Her er det planlagt høg tettleik, og byggjehøgder opp til 4 etasjar.

B1 ligg like sør for Haldorane (B2). Her er det planlagt bustadbygg med byggjehøgder opp til 4 etasjar.

Verknader

Det er kytt krav om detaljregulering til felta B1 og KBA2 og endelig utnytting for felta skal avklarast gjennom reguleringsprosessen. Verknadene for kulturminna er difor illustrert med to ulike utnyttingar. Kulturminna som verknadene vert vurdert opp mot er markerte med orange farge.

Alternativ 1 - konsentrerte småhus/rekkjehus/naust**Skildring:**

Utbygging av bustadføremål i **B1** er i **alternativ 1**, utforma som rekkjehus med saltak.

KBA2 er i alternativ 1 skissert med ei naustrekkje som kan nyttast som bustadnaust eller næring- og kontor. Denne bygningsrekkja gjev mindre behov for utfylling i sjø, og det er skissert 2 mellomrom for å bryte opp i bygningsrekkja. Eit forsamlingslokale er plassert lengst sør i feltet (til venstre i biletet) og kan byggjast før statleg plan er realisert.

Vurdering:

B1 gjev ei dempa verknad for våningshuset i Haldorane. Bygningane ved Solhaug vert i liten grad påverka av bygningsvoluma i B1 alt. 1, grunna eksistereande bygningsrekkje.

Ei redusert sjøfrontutbygging i **KBA2** gjer at Våningshuset i haldorane vil behalde utsyn til sjø, mens utsynet frå Solhaug vil bli noko redusert, sidan desse bygningane ligg lågare i terrenget.

Alternativ 'litt større':

**Skildring:**

Utbygging av bustadføremål i **B1** er i **alternativ 1**, utforma som tre bustadblokker i 4 etasjar med flate tak, orientert slik at balkongareal kan ha utsyn i ulike retningar.

KBA2 er i alternativ 2 skissert med 3 blokker med punkthusform, der to og to er gruppert saman. Bygningane kan nyttast for bustader, næring- og kontorareal. Det er skissert 2 mellomrom for å bryte opp i bygningsekkja og gi bakenforliggende bebyggelse noko utsyn til sjø. Eit forsamlingslokale er plassert lengst sør i feltet (til venstre i biletet) og kan byggjast før statleg plan er realisert.

Vurdering:

Bygningsvoluma i **B1** gjev negative verknader for våningshuset i Haldorane. Dei næraste voluma kan tilpassast i større grad til eksisterande bygg i byggehøgde og trekkjast noko tilbake frå veggen.

Bygningane ved Solhaug vert i mindre grad påverka av bygningsvoluma i B1 alt. 1, sidan den eksisterande bygningsekkja skjermar for utsynet til B1.

Den skisserte sjøfrontutbygginga i **KBA2** gjer at Våningshuset i Haldorane vil få redusert utsyn til sjø, og er i størst grad påverka av bygningane i den søntrre delen, sidan den eksisterande bygningsekkja allereie delvis skjermar for utsynet til KBA2.

Utsynet frå Solhaug vil bli sterkt redusert, sidan desse bygningane ligg lågare i terrenget. Bygningssekkja vil her framstå som ein ny vegg i landskapet og endra bygningane sin visuelle kontakt med sjøen. Dette gjeld også for det eksisterande bygningsmiljøet som ikkje har verneverdi.

Tabell 6-5. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-3

Verdivurdering: Delområde KM3							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
I delområdet er det fleire verneverdige bygg av kulturhistorisk interesse. Området har vore sentralt i utviklinga av Stanghelle, frå jordbruksamfunn til tettstad. Bygningane er kategoriserte med gul og raud kategori i SEFRAK-registeret.							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	Området vil bli påverka av tiltaket i form av tap av utsikt til sjø og dermed svekking av historisk viktige samanhengar. Nye tiltak har ein annan typologi og anna skala enn dagens busetnad og er i mindre grad tilpassa eksisterande bygg. Den historiske lesbarheita vil såleis svekkjast.						
Utbyggingsalternativ	+++ / ++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til noko miljøskade (-)						


6.4 KM4- Naustmiljø langs Dalevågen, mellom dei to bruene

Registreringskategori: Gardsbruk og naustmiljø, Landskap

Registrering og skildring:

Dette kulturmiljøet er av dei eldste på Stanghelle. Tunet kalt Fjellheim, som før jernbanen kom, har låge tett på nausta, har eit freda eldhus. Dette er ein sjeldan bygnings type. Husa på garen ligg på rekkje , med våningshuset aust for eldhuset og alle er i raud SEFRAK-kategori. Husa er og verna med hjemmel i Plan-og bygningslova, med omsynssone i Kommuneplanens arealdel for Vaksdal 2019. Våningshuset er ei lemstove med skut i gavlen og framstår som autentisk. Smio kan ha vore del av strandsitjar miljøet som vaks fram her når jernbanen var under bygning. Nord aust for dette tunet ligg fem andre SEFRAK-registrerte bygg, langs vegen Døso, alle i gul kategori. Her er det fleire uthus/utedo, ein bygningstype som no er sjeldan. Mot Dalevågen på begge sider ligg der mange naust som til saman utgjør eit samansett og verdifullt kulturmiljø.

Smio ligg ved Monsahuset, (og kalla "Jakob ved sjøen") og er samman med dei andre husa på tunet omfatta av H570_11 i kommuneplanen sin arealdel, 2019-2031. Smio har SEFRAK-ID 1251/0203/016. Det er ein raud bordkledd bygning med grunnmur bygd opp av steinheller. Dateringa er usikker, ulike kilder angir fleire moglege datoar mellom 1740 og 3. kvartal av 1800-talet. Smio var trulig fyrst nytta som våpensmie, men er mest kjent for betydningen den hadde i samband med bygging av Vossabanen. I smio laga og satt dei i stand reiskap til arbeidet med Vossebana og den var såleis viktig del av bygging og drift av jernbana. Våningshuset er frå ca. 1810 og kjem opprinneleg frå Elvik i Osterfjorden.



Figur 6-23: SEFRAK-registrerte bygg samt ei freda eldstove. (Kjelde: Askeladden)



Figur 6-24. Historisk foto. Utfyllinga til jernbanen har gjort at gardshusa har blitt avskorne frå strandsone.. (Kjelde: Fylkesarkivet)

Tabell 6-6. Oversikt enkeltminner

Beskrivelse	Datering	Status		SEFRAK -ID	Bygnings nr.
Naust, lengst sør	1900-talet 2. kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-025	175805176
Naust i midten	1800-talet 3.kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-021	175805079
Naust lengst nord,	1800-talet 4.kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-027	175005028
Fjellheim, bustad	Ca. 1810	omsynsone	▲	1251-0203-016	175805036
Fjellheim, smie	Før 1850	omsynsoneg	▲	1251-0203-017	175805044
Fjellheim, røykhus	Før 1850	omsynsone	▲	1251-0203-018	175833072

Fjellheim, utedo	1800-tallet, 4. kvartal	omsynsone	▲	1251-0203-019	175833080
Naustkleiva, bustadshus	1900-tallet, 1.kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-009	175804986
Naustkleiva, uthus	1900-tallet, 1.kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-011	175804994
Solheim, bustad	1900-tallet, 2 kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-012	175804978
Lillekleiven, bustadshus	1900-tallet, 2 kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-004 8	175804951
Lillekleiven, uthus	1900-tallet, 2 kvartal	Verneverdig	▲	1251-0203-005	175804943



Figur 6-25. SEFRAK-registrerte bygg vist med rute. Lengst til høgre ligg «Monsahuset» og attmed den, den raudmala smio med bølgeblikktak. Steingardar, gjerder, hagar og stiar/tråkk er ein viktig del av kulturmiljøet (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-26. Naustrekja på austsida av Dalevågen (Kjelde: Foto: Tine Eikehaug, Statens vegvesen)

På **vestsida** er det bratt opp frå sjøen og dei flest plassar er det derfor kun tilgang med båt. Sjølv om nausta her ikkje er SEFRAK-registrerte har dei stor verdi då dette område i mindre grad enn austsida har vore i endring. Her er fortsatt dei gamle båt slippene og ingen flytebyggjer. Området har soleis høg autensitet.



Figur 6-27. Nausta på vestsida av Dalevågen, her er det tilkomst kunn med båt eller til fots ned den bratte lia bak.(Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-28. Naust/sjøbu til gard20, bruk 25 og hengebru. (Kjelde: Henning Larsen)

Verdivurdering og grunnlag for omsynssoner:

Stor verdi: heilskapleg bygningsmiljø som inneheld bygningar med stor arkitekturhistorisk betydning.

Det er anbefalt at dei SEFRAK-registrerte bygga, og heile naustrekkja på austsida av Dalevågen, samt dei eldre nausta på vestsida av Dalevågen får omsynssone H-570 for kulturmiljø. Utan eit slikt vern kan dei tradisjonelle nausta forsvinna og tiltaket blir dermed å rekna for arealbeslag.


Påverknad av 0-alternativet: Statleg plan berører ikkje bygg med registrert verneverdi innanfor delområdet. Banearealet blir frigjort og tekniske installasjonar fjerna. Bygga på oversida av eksisterande jernbane vil få betre tilgang til sjø.

Gjeldande plan regulerer naustrekkja langs austsida som bygningar som inngår i planen, med spesialområde for privat småbåtanlegg (land) N1, og privat småbåtanlegg (sjø) SP1-2. Det er ikkje definert omsynssoner for kulturmiljø i gjeldande plan frå 2005, men bygningar i SEFRAK-registeret som ligg nærare baneføremålet enn byggjegransa er definerte som bygningar som inngår i planen.

For vestsida av Dalevågen er gjeldande plan for Tettaneset allereie opparbeidd med parkeringsplass og tilkomstveg ned not eksisterande naust. Det er brudd i regulererte føremål nord for brua, der eksisterande naust er regulert som næringsføremål med tilkomstveg, medan det i KPA er avsett til sentrumsføremål. Plan for tettaneset vert rekna å inngå i nullalternativet saman med KPA, difor blir dei eksisterande bygningane å rekne som bygg utan tilkomst via vegnett (naustområde). Ei vidare utbygging i området som er i tråd med eksisterande(detaljrgegerings)planar er ikkje rekna sannsynleg.



Påverknad av Områdeplanen



Figur 15 Utklipp av plankart, 21.03.2024

På **austsida** av Dalevågen er eksisterende baneareal regulert bane/samferdsle med tanke på å behalde banefunksjonen fram til arealet vert friggitt, og så kunne brukast som tilkomstveg til KBA2 og grøntområde med gang/sykkelveg. Dette vil opne opp betre tilgang til sjø- og naustareal og vidareføre funksjonen arealet har i dag som ferdslære. Strandlinja på austsida vert regulert med føremål naust og småbåthamn i sjø, samt friområde i nord.

Naustrekkeja UNB2 får ei omsynssone for kulturmiljø H570, slik at endringar i det heilskaplege naustmiljøet må avklarast med kulturminnemyndigheit.

På **vestsida** av Dalevågen opnar områdeplanen for bygging av ei naustrekkeja på 6 naust innanfor UNB4 utan tilkomst med bil frå landsida. Ein tilkomstveg i bakkant av eksisterande naust har vore diskutert og frårådd, då naust vil gi store fjellskjeringar i bakkant og forringa den kulturhistoriske betydninga sidan dette var eit område som kun var framkommeleg enten med båt eller til fots.

Det er opna for utbygging av 6 naustbygg i KBA 4 med tilkomst for bil via KV6. Bygga er skissert oppført i 2 etasjar med saltak vendt ut mot vågen, tilpassa i form og skala til eksisterande naustmiljø. Dette er sikra gjennom føresegnar for KBA 4: *Ved utforming av område skal omsyn til eksisterande bustadar, landskap og kulturminna vektleggast.*


For UNB-område gjeld følgjande føresegn: *Utforming skal harmonera med eksisterande bygningsmiljø når det gjeld takform, materialbruk og farge. Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.*

Eksisterande bygningar med brygger og slipp til sjø får omsynssone H570.

Visuelle verknader



Figur 16 Verknader for naustmiljøet i Dalevågen, alternativ 'Litt mindre'



Figur 17 Verknader for naustmiljøet i Dalevågen, alternativ 'litt større'

Utbygginga i KBA2 ligg ikkje innanfor det definerte delområdet, men vil ha innverknad i høve til kulturminna innanfor området.

Tabell 6-7. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-4

Verdivurdering: Delområde KM4					
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi	
▲					
<p>Kulturmiljøet viser i stor grad ei tydeleg samanheng mellom natur, kultur og landskap. På landskapsnivå inngår difor kulturmiljøet i ein heilskapleg kontekst eller samanheng. På kulturmiljønivå utgjer kulturmiljøet eit heilheitleg bygningsmiljø med stor arkitekturhistorisk betydning.</p> <p>Nausta og gardsmiljøet på begge sider av den smale Dalevågen er viktig historieforteljande kulturminne med stor tidsdybde og er identitetsskapande for området. Nausta visar kor viktig fiske var som tilleggsnæring for gardbrukarane. Smio representerer ein sjeldan bygningstype og har stor historieforteljande verdi knytta til arbeidet med jernbanen. Våningshuset som var flytta hit, representerer ein byggeskikk som var vanleg den gongen, men ikkje no. Den er ei viktig immateriell kulturarv og har bygningshistorisk verdi. Området utgjer eit samansett og verdifullt kulturmiljø med høg formidlingsverdi.</p> <p>Sjølv om det er få av dei originale nausta att er tomteinndelinga stor sett den same og heilheitene i naustmiljøet har høg integritet.</p> <p>Nausta på vestsida av Dalevågen er ikkje SEFRAK-registrerte, men har stor verdi då dette område i mindre grad enn austsida har vore i endring. Her er forsatt dei gamle båt slippene og ingen flytebyggjer. Området har soleis høg autensitet.</p>					
Tiltaket sin påverknad					
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
Områdeplan	▲				
	Tiltak både på aust- og vestsida av vågen (KBA4 og UNB4 på vestsida og UNB2, inkludert utbygginga av sjøfronten i KBA2) vil tilføra nye bygningselement i naustmiljøet.				


	<p>Skisserte bygningsvolum i UNB2,4 og KBA4 er i stor grad tilpassa form og skala, men vil i heilskap som samla volum utgjere ei utbygging der dei eksisterande nausta som er noko mindre i skala vil bli underordna. Skalaen som er skissert i 'litt større' utbyggingsalternativ i KBA2 vil i stor grad bryte med eksisterande bygningsmiljø. Gardsstrukturen som fortsatt er lesbar i dagens bygningsmiljø vil svekkjast med ei tettare utbygging, spesielt langs sjøfronten. Spesielt utbygginga i KBA2 svekkjer den kulturhistoriske samanhengen i kultur- og landskapsmiljøet Dalevågen og bryter samanhengen dette har til innseglinga og hamna i KL2.</p> <p>Endring av jernbanen til friområde kan gjenskapa kontakten mellom gardstunet «Monsane» (Fjellheim) og sjøen noko som vil være positivt for dette bruket.</p>						
Utbyggingsalternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	<p style="text-align: center;">▲</p> <p>Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til noko miljøskade (--)</p>						

6.5 KM5- Melkjevijkjæ og Lågaskåret

Registreringskategori: Gardsmiljø og fiskebruk

Registrering og skildring:


Busetnaden langs Lågaskåret er terrengtilpassinga og følger ein lineær struktur langs veien. På tvers av den linjere strukturen er det snarvegar som ledar til sjøen. Bygningstypologien er einebustadar med hage, og her er variasjon i form og uttrykk med to hovedgruppe: hus typisk for mellomkrigstida, og hus frå etterkrigstiden. Desse er bygd på innmarka til garden Lågaskåret. Historiske foto frå 1938 og 1946 visar at våningshuset på Lågaskaret hadde ein framtrødandes plass i kulturlandskapet. Huset er plassert i ly av Lågaskaret, er sør-vestvendt og hadde utsikt over stor jordbruksområder/slåttemark og beitemark. Huset er ei lemstove, med ark, to skorsteinar og skifer på taket. Sjølve huset er endra med heving av tak, påbygd midtark på fasade mot nord og andre vindauge, men hovudform, materialbruk og fargesetjing er tilnærma opprinneleg. Ferdighus av typen Rødlands hus, som har stor utbredelse på Stanghelle er godt representert i dette område.



Figur 6-31. Utklipp visar dei to SEFRAK-registrerte bygga i delområdet, eit naust og eit våningshus (Kjelde. Riksantikvaren.no)



Figur 6-32. Lågaskaret, 1938. Frukrær og bærbuskar i hagen framfor huset samt flaggstonga var tidstypiske. (Kjelde: Fylkesarkivet)



Figur 6-33. Lågaskaret, 1946. Våningshuset hadde den gong utsikt over jordbruksland og det var langt til neste bustad. (Kjelde: Fylkesarkivet)



Figur 6-34. Våningshus og hage (No: Gnr. 20/bnr. 292) og Lågaskaret markert med rektangel (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-35. Panorama av Lågaskåret. SEFRAK-registrerte bygg er markert. (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-36. Snarveg som forbind Lågaskåret med Dalevågen (Kjelde: Henning Larsen)

Tabell 6-8. Oversikt enkeltminner

Beskrivelse	Datering	Status		SEFRAK -ID	Bygnings nr.
Naust	1900-talet 2. kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-008	175802142
Våningshus	1800-talet 3.kvartal	verneverdig	▲	1251-0203-003	175802150

Verdivurdering:

Enkeltojkta i delområdet har tidsdybde og identitet. Bustaden var tidstypisk den gong den var bygd og har framleis autentiske detaljer. Hagen rundt og plassering i landskapet er og tidstypisk. Naustet har historieforteljande verdi og saman med våningshuset har det samla kulturmiljøet bruksverdi, arkitektonisk verdi og historisk verdi.

Dei SEFRAK-registrerte bygga bør få omsynssone H570 i områdeplanen.

Påverknad av 0-alternativet:


Ny jernbanebru i statleg plan vil endre utsynet frå kulturminna

Påverknad av Områdeplanen:

Områdeplanen sikrar bygga med omsynssone H570. Påverknaden av områdeplanen elles er utsynet til sentrumsområdet med ny bebyggelse.



Figur 18 Alternativ 'Litt mindre', utsyn mot sentrum frå Lågaskaret 1



Figur 19 Alternativ 'Litt større' med heilskapleg utvikling av sentrum.

Tabell 6-9. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-5

Verdivurdering: Delområde KM5						
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi		
▲						
Området, har tidsdybde og identitet. Bustaden var tidstypisk den gong den var bygd og har framleis autentiske detaljer. Hagen rundt og plassering i landskapet er og tidstypisk. Naustet har historieforteljande verdi og saman med våningshuset har det samla kulturmiljøet bruksverdi, arkitektonisk verdi og historisk verdi.						
Tiltaket sin påverknad						
Utbyggings- alternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa	
Områdeplan	▲					
	Det er ingen direkte arealbeslag i nytt tiltak. Påverknaden er i form av utsyn og innsyn og endring av skala og typologi i ny bygningsmasse. Dette er vurdert å ikkje svekkja eksisterende kulturmiljø direkte, men det har ein nær/fjernverknad også for omkringliggjande bustadområde som skal vurderast elles i plansaka.					
Utbyggings- alternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	--- ----
Områdeplan	▲					
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til null (0)					

6.6 KM6- Gard nr. 21, Helle

Registreringskategori: Gardsmiljø og landskapsnivå

Helle er kjent frå skriftlege kjelder frå då garden kom under Munkeliv kloster i Bergen. Helle er eit heilskapleg kulturmiljø med mange arkeologiske funnstadar og fleire SEFRAK-registrerte hus samt andre kulturhistoriske spor som ikkje hittil er registrerte. Nærheit til sjø, Dalevågen og nausta nede ved vågen er særskild viktige å framheva då dette visar at det her i generasjonar har vore fiskarbondar. Seterområde til fjells ligg utanfor plangrensa, og er difor ikkje vurdert, men er viktig del av det heilheitlege kulturmiljøet og den immaterielle kulturarven. Gardane er i bruk til jordbruk.


I Vaksdal kommune sin kulturminneplan er det med fleire kulturminne på Helle omtalt som :

«Spesielt viktige kulturminne i Vaksdal som ikkje er freda eller verna», dei er tatt med her, men det er kun nr. 1, Kyrarekkja som er identifisert og med i denne rapporten.

- «Kyrarekkja» (utmarksveg),
- gangsti til Lindevika,
- steinbyggje ved Lindevika, og naust
- I tillegg finst her oppmura bekk, rydningsrøyser, grunnmurar etter hus, mm.

Busetnaden følger terrenget, elveløpet, jorder og fjordkanten, og er ein såkalla funksjonalistisk struktur, gitt att forholdet mellom landskap og busettnad er strukturerande. Gardstrukturen, som går frå sjø til langt inn på fjella et typisk for det vestnorsk kulturlandskap. Fleire av tuna har autentiske vestlandske lemstover og der bruk nr. 7 i dag ligg, var det tidlegare eit klyngetunet som låg på moreneterrassen. Utskiftinga av garden vart halde i 1908, og etter det vart bruka spreidde. På Helle gard er det fem bygg som er eldre enn 1850 av totalt 17 SEFRAK-registrerte bygningar. Desse fem bygga fell under § 25 i kulturminnelova om meldeplikt. Dette gjeld og tre naust ved Dalevågen der det eldste er frå 1700-talet (sjå foto) og bustadhus og løe på bruk nr. 4 som ligg på vestsida av Hellestraumen. Dei andre bygningane på Helle er stort sett datert til tida kring utskiftingane 1908, men fleire av desse kan ha eldre delar som er flytta frå det gamle tunet.

Busetnaden på Helle utgjer spredte gardstun og einestadar og er ei homogen sone med terrengtilpassa busettnad. Helle er avgrensa av fjellveggen i sør og nordøst, og en elv svinger seg over deltaet i dalbunnen, med utløp i fjorden, avgrensar Helle mot nord- og sørvest.



Figur 6-37. Automatisk freda kulturminne (R), verneverdigebygg (trekant) og teknisk industrielt minne («fabrikk» symbol) på Helle. Naustet på bruk 11 er truleg fjerna og er her markert med raudt kryss for «revet». Stifaret Kyrarekkja, er markert med gul strek (Kjelde: Askeladden.no)




Figur 6-38. Historisk flyfoto 1964. Markerte tun er vist på foto nedanfor (Kjelde: Kartverket.no)

Tabell 6-10. SEFRAK-registrerte minner. Bygg i kursiv skulle truleg ha vore merka med grått i både kart og tabell

Beskrivelse (bruk)	Datering	Status	SEFRAK-ID	Bygnings nr.
Bustadshus, Hædle, Monsane (1900-tallet, første kvartal	▲	1251-203-029	175801871
Løe, Hædle, Monsane	1900-tallet, første kvartal	▲	1251-203-030	175801898
Naust, Hædle, Monsane	Før 1850	▲	1251-203-031	175801596
Bustad, Trææt, Hellestræ,	Før 1850	▲	1251-203-032	175801553
Løe, Trææt, Hellestræ,	Før 1850	▲	1251-203-033	175801545
<i>Ruin etter naust, Trææt, Hellestræ,</i>	<i>1900-tallet</i>	▲	<i>1251-203-034</i>	<i>175801561</i>
Bustadshus, Kvistiane	1900-tallet, første kvartal	▲	1251-203-035	175801944
Løe, Kvistiane	1900-tallet, første kvartalet	▲	1251-203-036	175801952
Bustadshus – Nilsane	1900-tallet, andre kvartal	▲	1251-203-037	175831355
Løe Nilsane	1900-tallet, første kvartal		1251-203-038	175831363

		▲		
Naust	1800-tallet, fjerde kvartal	▲	1251-203-040	175801294
Naust,	1800-tallet, første kvartal	▲	1251-203-041	175833129
Våningshus, Erikane	1900-tallet, første kvartal	▲	1251-203-043	175801219
Bustadshus, Rivenesane	1800-tallet, fjerde kvartal	▲	1251-203-044	175801472
Løe, Rivenesane	1800-tallet, fjerde kvartal	▲	1251-203-045	175801499
Vedbu, Rivenesane	1800-tallet, fjerde kvartal	▲	1251-203-046	175801480
Naust, Dalekvam	Ingen datering	▲	1251-203-052	175801650



Figur 6-40. Helle, Gnr.21/bnr.6, Lemstova med skut og ark over to etasjar. Arka er truleg tilbygg til det opprinnelege huset. Bak lemstova er stien kalla «kyrarekkja» markert. Det er planlagt tiltak ved hovedvegen med utviding av kryss og brannstasjon. (Kjelde: Henning Larsen)

Verdivurdering:

Området har stor tidsdybde og har fleire heilskapleg tun med mange naust og uthus som er av sjeldan type. Området er verdifullt både som kulturlandskap og som kulturmiljø. Her er funne mange arkeologiske minner og sjølv om dei fleste er fjerna tyder dette på at her er stort potensiale for framtidige funn.

Brua over Hellestraumen er eit teknisk kulturminne med stor lokal og regional verdi. Den er òg identitetsskapande. (middels verdi) Brua inngår også i delområde KM8 Hellevegen.

Helle er eit heilskapleg bygningsmiljø som inneheld bygg med arkitekturhistorisk betydning. Dei karakteristiske lemstovene med Vossaskifer på taket er viktig regional byggeskikk. Dei grindbygde løene er og viktig regional byggeskikk. (Middels verdi)

Kulturmiljøet inngår i ein heilskapleg kontekst med landskapet. (stor verdi)
Landskapet sin verdi blir i hovudsak vurdert gjennom KU Landskap.

Vurdering av evt. Bruk av Omsynssone i plankartet: Det bør vurderast bruk av omsynssone H570 for dei SEFRAK-registrerte bygga og for brua over Hellestraumen.

Påverknad av 0-alternativet: Gjennom statleg plan blir det etablert eit nytt vegkryss. Nokre bygningar utan registrert verneverdi ved krysset vert fjerna og området vert nytta til midlertidig rigg og anleggsområde, og planen opnar for midlertidig bru over Hellestraumen. Det vil vere permanente spor etter bruk av midlertidig tilkomstveg i bru over sundet er deponiområde og spor etter tilbakeført anleggsveg på andre sida av sundet.




Figur 6-41. Statleg plan i byggefasen. Brua er midlertidig og skal fjernast etter byggefasen. (Kjelde: Bane nord/Statens vegvesen)

Påverknad av Områdeplanen (utover 0-alternativet):

Områdeplanen opnar for ny Brannstasjon, anlagt på areal nytta til midlertidig rigg og anleggsføremål i statleg plan. Tiltaket litt i utkanten av det definerte kulturmiljøet. I tillegg vert det opna for at det vert bygd ei permanent bru over Idlasundet.



Figur 6-42. Forslag til tiltak på Helle, ny brannstasjon med fotavtrykk på ca. 600m² i LNF område (Kjelde: Henning Larsen)

Visuelle verknader

Figur 20 Perspektivbilete frå Hellestræet.

Tabell 6-11. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-6

Verdivurdering: Delområde KM6							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Området har stor tidsdybde og fleire heilskapelege tun med mange naust og uthus som er av sjeldan type. Område er verdifullt både som kulturlandskap og som kulturmiljø. Her er funne mange arkeologiske minner og sjølv om dei fleste er fjerna tyder dette på at her er stort potensiale for framtidige funn.</p> <p>Brua over Hellestraumen er eit teknisk kulturminne med stor lokal og regional verdi (også vurdert i KM). Brua er identitetsskapande for Helle. (middels verdi)</p> <p>Helle er eit heilskapeleg bygningsmiljø som inneheld bygg med arkitekturhistorisk betydning. Dei karakteristiske lemstovene med Vossaskifer på taket er viktig regional byggeskikk. Dei grindbygde løene er og viktig regional byggeskikk. (middels verdi)</p> <p>Kulturmiljøet inngår i ein heilskapeleg kontekst med landskapet. (stor verdi)</p>							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggings- alternativ	Forbetra	Ubetydeleg ending	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	<p>Tiltaket består av bygging av brannstasjon.</p> <p>Bygging av brannstasjon vil berøre ein mindre viktig del av kulturmiljøet. Tiltaket vil i nokon grad også redusera lesbarheita av det kulturhistoriske landskapet då brannstasjonen er ein bygningstype som ikkje er typisk i denne registreringskategorien.</p> <p>Kulturmiljøet vert samla sett noko forringa.</p>						
Utbyggings- alternativ	+++ / +++++	+/++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til noko miljøskade (-)						


6.7 KM7- Tettanaset og Follavika

Registreringskategoriar:


- Kulturminne i utmark- gravminner, kullgroper
- Stad knytta til tru eller tradisjon
- Teknisk kulturmiljø- marint kulturminne

Registrering og omtale:

På Tettanaset i vest og Follavika som vender mot Veia fjorden, er det to arkeologiske funnplassar, den største på neset opp frå Stølavika og den andre i Follavika. Funnplassen på Tettanaset består av gravrøyser med i alt 15 funn frå ulike tidsepokar jernalder, romartid og folkevandringstid.



Figur 6-43. Kartutsnitt Askeladden lokaliteter



Figur 6-44. Kartutsnitt Askeladden Lokalitet 3553 – 15 enkeltminner

Tabell 6-12. Oversikt over dei automatisk freda funna

Beskrivelse	Datering	Status	Askelanden -ID
Gravfelt	Jernalder	Aut. freda	35553
Garvrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-1
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-2
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-3
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-4
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-5
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-6
Grav nr. 7	Folkevandringstid	Aut. freda	35553-7
Grav nr. 8	Folkevandringstid	Aut. freda	35553-8
Langrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-9
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-10
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-11
Struktur - kullforekomst	Romertid	Aut. freda	35553-12
Struktur - kullforekomst	Romertid	Aut. freda	35553-13
Struktur - kullforekomst	Jernalder	Aut. freda	35553-14
Gravrøys	Jernalder	Aut. freda	35553-15

Kulturminne skipsvrak	1800-tallet	Aut. freda	150910-1
--------------------------	-------------	------------	----------

Verdivurdering:


Kulturminna som er registrerte er automatisk freda, dvs. at dei har nasjonal interesse og er vurdert å ha stor verdi, sjå utfyllande kommentarar i tabellen for konsekvensvurdering.

Kulturminna er regulert med omsynssone H730 og H570 i gjeldande plan for Tettaneset. Kulturminne i sjø, skipsvraket, ligg utanfor plangrensa for Tettaneset.


Påverknaden av 0-alternativet:

Det er regulert inn ei omsynssoner for kulturminna her får juridisk vern. Områdeplan for Tettaneset medfører difor noko forbetring i høve til dagens situasjon.

Påverknaden av områdeplanen: Inga endring, områdeplanen berører ikkje delområdet med ytterlegare tiltak. Planforslaget viderefører omsynssoner frå plan for Tettaneset og regulerer omsynssone H730 for skipsvraket.



Figur 6-45. Plankart av områdeplan som viser at begge funnstadane vert bandlagt med omsynssone i ny plan. Turvegen er vidareført frå statleg plan samt gjeldande kommuneplan og er såleis ein del av 0-alternativet. (Kjelde Henning Larsen)



Figur 6-46. Utklipp tiltakskart for områderegulering. (Kjelde: Henning Larsen)

Tabell 6-13. Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde KM-7

Verdivurdering: Delområde KM7				
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
			▲	
<p>Det samla kulturmiljøet har stor verdi.</p> <p>Kulturmiljøet har stor tidsdybde og har stor betydning som kjelde til historia for periodar der det finst få eller ingen skriftlege kjelder.</p> <p>Gravfeltet er kulturminne knytta til tru og tradisjon. Plasseringa i landskapet er viktig for forståelsen av tidlige tiders samfunn.</p>				

Skipsvraket representerer en fase med betydning for utviklinga og er eit viktig lokaltminne som og er knytta til enkelthendelse..							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggings- alternativ	Forbetra	Ubetydeleg ending	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	Omsynssonene for dei to kulturminna her vert oppretthaldne. Omsynssone for skipsvraket blir sikra med H730. Tiltaket medfører ubetydeleg ending.						
Utbyggings- alternativ	+++ /++++	+ /++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til utan betydning (0)						

6.8 KM 8-Hellevegen

Registreringskategori: Veg og teknisk-industrielt minne

Registrering og omtale:

Hellevegen er gamlevegen mellom Stanghelle og Dale som vart bygd i åra 1908 – 1911. Veggen er 4,3 km, og var opphavleg bygd som bygdeveg av heradet, men vart seinare refundert av staten. Veggen har fram til nyleg hatt grusdekke, men er no asfaltert. Dei opprinnelege stabbesteinane er fortsatt å finne nokre stader.

Hellevegen fyljer delvis den gamle postvegen, som var etablert kring 1643. Men her har truleg vore ein enno eldre ferdslétrasé, med anar tilbake til mellomalder. Hellevegen var i første omgang bygd kunn mellom Stanghelle og Dalebrygga, som låg inst i Dalevågen, utanfor planområdet til områdeplanen.

Hellestraumen bru, frå 1927, er verna med angitt omsynssone H570 bevaring kulturmiljø i Vaksdal kommune sin kommuneplan, jamfør Kulturminneregistrering i Vaksdal nr. 1251/3013. Den er og registrert i Riksantikvarens database, Askeladden, med ID- 269454.

Fram til 1927 gjekk det ferje over Hellestraumen, men i 1927 vart ferja erstatta av ei bru. Brua har ein spesiell konstruksjon og er ei hengjebri med berre eit tårn. Tårnet ligg på austsida av vågen. På vest sida består fundamentet av ein kraftig steinmur.



Figur 6-47. Hellestraumen bru som er frå 1927 og verna i kommuneplanen. (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-48. Flyfoto frå Stanghelle 1964 (Kjelde: Kartverket)

Tabell 6-14. Teknisk/industrielt kulturminne

Beskrivelse	Datering	Status	Askeladden-ID
Hellestraumen bru,	1927	Verna i KPA, omsynsone, H570_8	269454-0

Verdivurdering og områdedefinisjon:

Hellevegen har lokal og regional verdi, bruksverdi og opplevingsverdi.

Enkeltminnet Hellestraumen bru inngår i delområdet vert anbefalt gitt omsynsone H-570 i områdeplanen.


Påverknaden av 0-alternativet:

Det vert bygd nytt kryss på Helle, der Hellevegen vert ført forbi krysset i ny undergang. I gjennomføringsfasen er det planlagt ei midlertidig anleggsveg med tunnell og bru over Dalevågen som munnar ut ved nytt kryss på Helle. Denne skal fjernast etter anleggsgjennomføring for statleg plan, og dei varige påverknadene av denne er difor kun tunnel, deponiområde og spor etter midlertidige anleggsvegar, etter at dei er tilbakeført.


Påverknaden av områdeplanen:

Områdeplanen opnar for etablering av ein brannstasjon på Helle. Denne vil ligge godt synleg frå Hellevegen, mellom anna ned Sædalen, og frå Hellestraumen bru. Tiltak i områdeplanen påverkar elles ingen delar av det tekniske kulturminnet Hellevegen.

Landskapsverknadene er vurdert gjennom KU for Landskap og under KM6.



Figur 21 Utsyn frå standpunkt ved hengebrua over Hellestraumen



Figur 22 Utsyn nedover Sædalen frå Hellevegen, med moegeleg brannstasjon i felt KBA5

Tabell 6-15. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KL-8

Verdivurdering: Delområde KL8 - Hellevegen							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
Hellevegen har lokal og regional verdi. Bruksverdi og opplevingsverdi.							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	I områdeplanen er det forslag om ny brannstasjon i ytterkanten av delområde KM6 Helle. Denne har ingen direkte verknad på vegen som kulturminne utover statleg plan si etablering av nytt kryss, men gjev visuelle verknader ved ferdslø langs vegen. Desse verknadene er ikkje vurdert å svekkje samanhengen for vegen som kulturminne. Landskapsverknadene av dette tiltaket vert vurdert gjennom KU Landskap.						
Utbyggingsalternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til ubetydeleg (0)						

6.9 KM 9 – Gravplass

Registreringskategori: Stad med kulturell betydning (knytt til samfunnsfunksjonar, tru og tradisjon)

Registrering og omtale:

Gravplassen, som vart vigsla i 1882, ligg like attmed jernbanen og er gått synleg med utsikt mot stranda og sjøen. I Norsk Institutt for kulturminneforskning (NIKU) sin database, Noregs kyrkjer, ligg det dokumentasjon og omtale om kyrkjegarden. Kyrkjegarden som er avgrensa av en tørrmur mot nordaust sørvest, og en stein mot nord, har tre inngangar. Hovudinngangen mot nord har eit parkliknande inngangsparti. En bøkehekk avgrensar kyrkjegarden i en eldre og yngre del. Eldste del ligg mot klokketårnet i den vestre enden. Klokketårnet er i bindingsverk med rektangulært plan, liggande bordkledning og helletekt valma tak.

Plassering er typisk for kyrkjegardar i fjordstrøka der ein ofte kom roande til kyrkjes.



Figur 6-49. Stanghelle gravplass med uhilda utsikt over fjorden til Osterøy. (Kjelde: Jernbaneløper, Statensvegvesen, Rapport E16 og Arna-Voss.)



Figur 6-50. Stanghelle gravplass sett frå fjorden I 1933. (Kjelde: Fylkesarkivet)

Verdivurdering og områdedefinisjon:

Kulturmiljøet er knytt til samfunnsfunksjonar, og til tru og tradisjonar. Det er også knytt til ei sosial gruppe (lokalbefolkninga) og viser sosial samanheng med betydning for historia.

Gravplassen representerer fleire faser med betydning for historia og utviklinga av tettstaden, altså at gravplassane gjerne vart lagt i tilknytning til sjø og kai. Arkitektonisk har gravplassen eit tidstypisk klokketårn og inngjerding.

Påverknad av 0-alternativet:

Banearialet blir frigjort og tekniske installasjonar fjerna. Gravplassen ligg på oversida av eksisterande jernbane vil få betre tilgang til sjø. *'Gravplassen ligg like ved dagens stasjon på Stanghelle. Når jernbanen vert lagt om vil det medføre ein forbetring med mindre støy og trafikk i området.'*

Påverknad av områdeplanen:

Vidare bruk av sjølve baneføremålet er ikkje avklart. Det er stilt krav om detaljregulering, noko som kan starte opp ved oppstart av byggjefasen i statleg plan. Området mellom gravplassen og strandlinja er regulert som friområde langs strandlinja. Utbyggingsfeltet KBA2 ligg delvis mellom gravplassen og sjøen. Her er det tenkt eit forsamlingslokale med fellesfunksjonar for bygda. I nordere del av KBA2 er utbyggingsfelt mot sjø som gjev ei tyngre utbygging, på kvar side av området rundt gravplassen og eksisterande stasjon. Gravplassen vil difor fortsatt ha kontakt med sjø og strandlinje, og kan i større grad knyttast i samanheng med ei ny bruk av

stasjonsbygningen. I dei to byggeområda vert det opna for tyngre og høgare bygningar enn elles i området, og det nordre utbyggingsområdet vill ligge tettast på, like nord for avkøyrsele til gravplassen.



Det er vurdert at utbygginga i nordre del av sjøfronten vil berøre kyrkjegarden i nokon grad, og at den i nokon grad svekkjer samanhengen den inngår i. Ny bruk og utforming av området mellom dei to byggjefelta for sjøfront vil opne opp for nye forbindelsar til sjø og styrkje og gjenopprette denne samanhengen, og som kan utformast heilskapleg.

Tabell 6-16. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-9

Verdivurdering: Delområde KM9				
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
▲				
<p>Lokal verdi. Kulturminnet er knytta samfunnsfunksjonar, til tru eller tradisjonar. Det er også knytt til ei sosial gruppe (lokalbefolkninga) og viser sosial samheng med betydning for historia.</p> <p>Gravplassen representerer fleire faser med betydning for historia og utviklinga av tettstaden, altså at gravplassane gjerne vart lagt i tilknytning til sjø og kai. Arkitektonisk har gravplassen eit tidstypisk klokketårn og inngjerding.</p>				

Tiltaket sin påverknad						
Utbyggings- alternativ	Forbetra	Ubetydeleg ending	Noko forringa	Foringa	Sterkt forringa	
Områdeplan	▲					
	<p>I områdeplanen er det forslag om nye byggjerekkjer langs Dalevågen rett nordvest for kyrkjegarden. Dette vil dels hindra direkte utsyn og innsikt frå gravplassen, og spesielt skjerme for sikten nordover med eit høgt utbyggingsvolum, spesielt i alternativet 'litt større'.</p> <p>Plasseringa ved fjorden blir ivaretatt og opna opp ved avvikling av eksisterande bane. Den typiske beliggenheita for kyrkjegardar i fjordstrøka der ein ofte kom roande og utsikt til Osterøy er viktig gitt felles historie. Dette svekkjer gravplassen i samanheng til strandlinja og sjøen.</p>					
Utbyggings- alternativ	+++ /++++	+ /++	0	-	--	---
Områdeplan	▲					
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til noko forringa (-)					

6.10 KM 10 – Hellen/Hedleren

Registreringskategori: Kulturminne i utmark (spor av busetnad).

Registrering og omtale:


Hellen ligg ved foten av eit hamralag ca. 50 meter ovanfor jernbanelinje sør for jernbanestasjonen. Freda i 1984, men var kjent lenge før den tid og blant anna dokumentert i Førhistoriske minne i Nordhordland, Bruvik prestehjell (Per Fett 1966). Lokalitetsarten er busetnad-aktivitetsområde. Taket er danna av ein bergnabb og området er ca. 20x10meter i utstrekning.



Figur 6-52. Heller, (Kjelde: Marcus, UiB)



Figur 6-53. Heller. Fotografert 2021. (Kjelde: Henning Larsen)



Figur 6-54. KM2, Heller datert jernalder (Kjelde: Riksantikvaren.no)

Tabell 6-17. Arkeologisk minne

Beskrivelse	Datering	Status	Askelanden -ID/	Bygnings nr.
Arkeologisk minne, Heller	jernalder	Automatisk freda	60479-1	Ikke relevant

Verdivurdering:

Helleren er eit automatisk freda kulturminne frå jernalderen og har svært stor verdi. (nasjonal betydning)

Det er anbefalt at kulturminnet vert regulert med Bandleggingszone H730 jf. Figur 6-54

Påverknad av 0-alternativet:


Helleren ligg like ved dagens stasjon på Stanghelle, med gjerde mellom. Når jernbanen vert lagt om vil det gje ein liten grad av forbetring i form av mindre støy og togtrafikk i området. Alternativ B1 medfører ein liten forbetring for delområdet. (KU kulturarv, statleg plan)

Påverknad av Områdeplanen (utover 0-alternativet):


Områdeplanen sikrar at området ved Helleren, stasjonsområdet og gravplassen ikkje vert bygd att ved at området vert regulert som offentleg friområde med gang/sykkelveg på sjøsida, langs offentleg veg.

Det er moglegheiter også for etablering av friområde ved eksisterande stasjon, og for ombruk av dagens stasjonsbygning til allmenntilgjengeleg føremål, møteplass og/eller museum, slik at området kan knyte saman ei offentleg tilgjengeleg strandlinje, hedleren og gravplass med stasjonsområdet. Omdisponering av baneføremålet må avklarast gjennom detaljregulering etter avvikling av banefunksjonen.

Utbyggingsområda ved sjøfronten er skissert med ei utnytting som er høgare enn elles i området. Frå Helleren vil den søndre delen vere godt synleg.




Figur 6-55. Utklipp av tiltaksplan med omriss av hensynszone for Helleren markert med stipla rosa sirkel (Kjelde: Henning Larsen)




Figur 6-56. Utklipp av plankart Sanghelle KM2 med omsynszone H730_3 for vern av Helleren. (Kjelde Henning Larsen)


Eksisterande situasjon og fasen for midlertidig rigg




Figur 23 Eksisterande utfylling



Figur 24 Planlagt utfyllingsområde med foreslått plassering av renseanlegg, som vil utgjøre fasen fram til statleg plan er realisert og området frigjort til annan bruk.

Påverknaden av utbygging i KBA3:

Figur 25 Alternativ - Medium utnytting med opptil 4 etasjar på foreslått utfylling.



Figur 26 Alternativ 'Litt større' - Utbygging på 4-6-8 etasjar på foreslått utfylling. Utbygginga er trekt tilbake slik at bygningsvoluma

Det er vist 2 variantar av utnytting i feltet, der utbygginga i hovudsak utbygging på 4-6-8 etasjar på foreslått utfylling. Utbygginga er trekt tilbake slik at utbygginga startar førtst etter renseanlegget og gjev eit lite område for.

Utsynet frå Hellen vil bli påverka i stor grad av utbygginga. Planen sikrar ikkje at byggegrensa i framtida blir trekt tilbake. Utnyttinga skal endeleg fastsetjast i detaljregulering. Eksisterande strandlinje som ligg direkte ned for Hellen og stasjonen er i planen sikra som friområde og sikrar at denne strekninga ikkje vert bebygd.

Kulturminnet blir ikkje direkte berørt av utbygginga. Den kulturhistoriskse samanhengen til helleren som busetnad er knytt til tilkomsten frå sjø. Tilkomsten til sjø er delvis teke vare på gjennom regulering til friområde og åpning av banearealet, slik at tilkomst til strandlinja kan opnast. Men utbygginga svekkjer også den overordna samanhengen ved at utbyggingsområdet ligg rett i utsynet for innseglinga.

Føresegner knytt til detaljreguleringa må sikre omsynet til kulturminna i nærområdet til KBA3.

Tabell 6-18. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-10

Verdivurdering: Delområde KM10-Helleren							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
Helleren, som er frå jernalderen, er eit automatisk freda kulturminne og har svært stor verdi (nasjonal betydning). Den er mykje fotografert og er på mange vis identitesskapande for Stanghelle. Beliggenheita gjer og at den er lett tilgjengeleg og har stor opplevings- og formidlingsverdi.							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	I forslag til tiltak er det planlagt ny utbygging mot sjøen som vil verta godt synleg frå Helleren. Kontakt med sjøen vil dermed svekkjast ved tap av utsyn frå Helleren. Tilsvarende vil innsyn til Helleren svekkjast frå fleire standpunkt. Den åpne vågen vil endra seg betrakteleg og dermed svekkjer den historiske samanhengen mellom Helleren og sjøen. Dette vil endra opplevinga av kulturminnet i samanheng med det historiske landskapet.						
	Med utbygging på ei utvida utfylling i sjø vil samanhengen mellom naturlandskapet, og kulturmiljøet svekkjast, også når utbygginga er trekt unna den opprinnelege båtвика og tilgang til opprinneleg strandlinje er sikra.						
Utbyggingsalternativ	+++ / ++++	+/++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til betydeleg miljøskade (--)						

6.11 KM 11- Storehjellen og Idlasundet

Registreringskategori: Kulturminne i utmark- uthus og fangstanlegg

Langs fjorden før Idlasundet i bratthenget nedanfor Storhjellen er det to arkeologiske funnplassar. Område er utmarka til garden Helle. Utløa, som tilhøyrer bruk nr. 2 på Helle, var registrert i 2021 av Vestland Fylkeskommune. Løa ligg langs ved stien som forsett nordover til Hellevegen nr. 25 der den møter kjøreveg. Kjørevegen endar ved nr. 25 som er det eldste av dei to tuna her på vestsida av Dalevågen. Ved Hellevegen nr. 27, som ligg nord for nr. 25, er det fleire stiar opp Kadalen. Her er og steinmurar. Desse er ikkje blitt befart.



Figur 6-57. Revefella har Askeladden-ID-279284-0, og utlø har ID-279285-0 (Kjelder: Riksantikvaren.no)

Tabell 6-19. Informasjon frå Askeladden

Beskrivelse	Datering	Status	Askeladden -ID
Utløe, bygningsruin -	Etter reformatorisk tid	Ikkje freda	279285-0
Revefelle, Fangstlokalitet	Etter reformatorisk tid	Ikkje freda	279284-0


Påverknad av 0-alternativet:

Midlertidig anleggsveg med i statleg plan vert bygd slik at registrert revefelle vert øydelagd.

Den registrerte utløa ligg like oppom planlagt trase for midlertidig anleggsveg, rett nedanfor eksisterande tursti og blir ikkje påverka av tiltaket. Dersom deponiområdet og anleggsvegen ikkje blir realisert, vil kulturminna vere uberørte.

Påverknad av Områdeplanen:

Områdeplanen vidarefører anleggsveg som turveg og prøver å reparere turvegsambandet i området. Områdeplanen vil difor ikkje påverke kulturminna i området meir enn statleg plan allereie har gjort.



Figur 27 Tiltak i områdeplanen, med dei to kulturminna markert med blå prikk

Tabell 6-20. Vurdering av verdi, påvirkning og konsekvens delområde KM-11

Verdivurdering: Delområde KM11							
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Det er få utløer att og dette gjer at minnet har verdi. Fortel om samspel mellom natur og kultur, vitnar om tidsdybde.</p> <p>Revefella har verdi som kjelde til kunnskap om ei attåtnæring til jordbruk og fiske som no ikkje lenger finst. Reveskinn var salsvare og det er og knytt viktig immateriell kulturarv til dette funnet. Stor historieforteljande verdi og lokal verdi.</p>							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa		
Områdeplan	▲						
	<p>Tiltaket inneber å vidareføre midlertidig veg som tursti. Dersom ikkje midlertidig veg vert opparbeidd vil likevel områdeplanen leggje til rette for reparasjon av eksisterande tursti i same trase som midlertidig veg er planlagt. Denne vil ikkje berøre verken revefelle eller utløe.</p>						
Utbyggingsalternativ	+++ / +++++	+/++	0	-	--	---	----

Områdeplan	▲ Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til ubetydeleg (0)
------------	---

7. Trinn 2: Konsekvensvurdering

7.1 Samanstilling av konsekvensar

Tabell 7-1. Samanstilling av konsekvens for alle utbyggingsalternativ, tema Kulturmiljø

Delområder	Alt. 0	Alt. 1 (områdeplan)
Delområde KM1, Jernbanen	(0)	Noko miljøskaade (-)
Delområde KL2, Dalevågen, innsegling	(0)	Betydeleg miljøskaade (--)
Delområde KM3, Gard nr. 20, Stanghelle	(0)	Noko miljøskaade (-)
Delområde KM4, Naustmiljø, Dalevågen	(0)	Betydeleg miljøskaade (--)
Delområde KM5, Melkjevijkjæ og Lagaskåret	(0)	Ubetydelig miljøskaade (0)
Delområde KM6, Gard nr.21, Helle	(0)	Noko miljøskaade (-)
Delområde KM7, Tettaneset og Follavika	(0)	Ubetydelig miljøskaade (0)
Delområde KL8, Hellevegen	(0)	Ubetydelig miljøskaade (0)
Delområde KM9, Gravplass	(0)	Noko miljøskaade (-)
Delområde KM10, Helleren	(0)	Betydeleg miljøskaade (--)
Delområde 11 Storehjellen og Idlasundet	(0)	Ubetydelig miljøskaade for delområdet (0)
Avveging	0	Det er i alt 3 delområde med konsekvensgrad (--)
		og 4 med (-). Det er lagt vekt på at delområda som utgjør ulike kulturmiljø i Dalevågen/Stasjonsområdet kan sjåast i heilskapleg samanheng med kvarandre. Her dominerer konsekvensgrad (--)
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens
Rangering	1	2
Forklaring til rangering		Dagens situasjon vil vera betre for kulturmiljøa framfor foreslått tiltak.

7.1.1 Skadereduserende tiltak

Nokre skadereduserende tiltaker foreslått:

- 1) Sjøfront aust nord (KBA2) redusera omfanget deriblant, mindre utfylling i sjø, reduksjon i byggehøgde, betre tilrettelegging for ålmenta.
- 2) Sjøfront aust sør (KBA3) redusera omfanget deriblant, reduksjon i byggehøgde, betre tilrettelegging for ålmenta, sikre avstand til kulturmiljøet og kulturminna rundt stasjonsområdet ved byggjegranser, og føresegner om nedtrapping.
- 3) Brannstasjon – avgrensa byggjehøgde og minimera fotavtrykk, unngå store asfalterte flater

8. Kjelder

Konsekvensanalyser, Håndbok V712, Statens vegvesen, 2018 (revidert 2021)

Kommuneplanens arealdel Vaksdal, 2019-2031

Kommuneplanens samfunnsdel Vaksdal, 2023-2035

Kulturminneregistrering Vaksdal Kommune, 2012

Konsekvensutgreiing Kulturarv, E16 og Vossebanen, 2020

Bygdebøker

Askeladden

Miljostatus.no/kart

Kulturminnesok.no